

Osingen



Lokalhistorisk årsskrift 2003

Utgjeve av Os Mållag

19. årgang

Osingen

Utgjeve av
Os Mållag 2003

INNHALD:

Kirsten Kårbø:

I lukkelandside 3

Kari Margrethe

Hægland:

MOLDEGÅRD, minne

frå eldre dagarside 4

Øystein Søfteland:

ULVEN – frå klostergoods

til statsskogarside 8

Kåre Herdlevær:

Losje "Midthordland"side 14

Barnesider:

Elevar frå

Nore Neset skuleside 17

Lars Skorpen:

Nore Neset skule

1893 – 2003side 22

Henry Lunde og

Arthur Lunde:

Søre Neset Musikk-

lag 50 årside 29

Gustav Moberg:

Sørstrøno for 50-60 år sidan.

Leif Strønen fortelside 32

Tarjei Hovland

Motorsykkelenside 34

Framsida:

Hovudbygningen på Moldegård.

Skriftnemnda:

Anna Margreta Lunde

Elfrid Moberg

Gustav Moberg

Lars Skorpen

Kåre Herdlevær

Trykk: Grafisk Team AS Bergen

Kr. 40,-

Til lesaren!

Vi som er medlemmer i Os Mållag, er også så heldige å få medlemsbladet til Noregs Mållag, NORSK TIDEND, ein gong i kvartalet. Eit gjennomsyn kan gje interessante tankar om det som skjer og ikkje skjer, også lokalt.

Vi les at Lærum-konsernet no legg om frå bokmål til nynorsk i marknadsføringa si. Om responsen seier Lærum: "Vi får faktisk berre positive tilbakemeldingar. Om det finst nokre bokmålsfanatikarar, så har vi ikkje høyrte noko frå dei". Og det viktigaste av alt: "Vi har heller ikkje merka noko tilbakeslag i høve til salstala." Kanskje dette er noko å tenkja på for lokale verksemder? Vi trur ikkje at språket er avgjerande for vareomsetninga.

Skulemålsrøysting er ofte eit heitt tema i mange skulekrinsar. Bladet har referat frå 4 slike røystingar, der nynorsken vann i tre av dei. To av dei som vann, var på Askøy. No har heldigvis ikkje spørsmålet nynorsk/bokmål i barneskulen i Os vore eit heitt tema. Skuleadministrasjonen opplyser at i dette skuleåret er det ingen bokmålsklassar i Os. Vi i Os Mållag er sjølvsagt glade for dette. Æra for det kan delast på mange. Men vi vil gje honnør til foreldre som lojalt let borna sine nytta det offisielle språket i kommunen, også i skulesamanheng. Så får det heller våga seg at nokre går over til bokmål i ungdomsskulen. Men nynorsk i barneskulen har i alle fall sådd ein kime som vil koma til nytte seinare i livet.

Bokklubbar har vi mange av, også for born. Blåmann Barnebokklubb er vel den einaste som fører bøker for born på nynorsk. Vi ser gjerne at foreldre som ønskjer at borna skal lesa noko anna enn teikneseriar og anna tilsvarande, melder borna inn i denne klubben. I den samanheng må heller ikkje gløymast Norsk Barneblad. Vi veit det er mange barn i Os som held dette barnebladet. Men redaksjonen der ønskjer sjølvsagt fleire lesarar. Styret i mållaget hjelper til med innmelding, om det trengst.

Tradisjonen tru har Osingen også i år nye medarbeidarar. Vi er sikker på at lesarane set pris på at det kjem fram nye namn. Redaksjonen ønskjer dei velkomne.

Skriftnemnda vonar at også årets utgåve av Osingen vil falla i smak og ønskjer lesarane ei leseverdig og triveleg stund med bladet.

Gledeleg Jul

Helsing frå skriftnemnda

Helsing

Til

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå

I Lukkeland

av Kirsten Kårbø

*Å vera her i lukkeland
og berre ha det godt,
det ligg og gneg i vår forstand
at andre har det smått.*

*Vår TV kan fortelja oss
korleis all verda er,
små tårekinn er SOS
og viser nauda der.*

*Men korleis kan vi snu den trend
at nokre har det flust?
Vi er så egoistiske
her i vår sus og dus.*

*Her i vårt privilegerte land
vi trur vår fortid gjev,
oss tilgjeving for grisk og krav
og vårt "normale" strev.*

*Men Gud har ikkje meint det slik,
vår grådigheitskultur,
kan bli vårt aller største svik
mot moder jord`s natur.*

Moldegård

minne frå eldre dagar

Grøn var min barndoms dal, og eit hav av blomar.

Av Kari Margrethe Hægland

Kari Margrethe Hægland, f. Aksnes, voks opp på Moldegård. Far hennar, Kristian Aksnes, var først gartner, seinare gardsstyrar der. Artikkelen gjev små glimt frå livet på garden og minner om skipsreiarer, stortingsmannen og statsministeren, Johan Ludvig Mowinckel.

Når eg tenkjer tilbake på den tida, minnest eg den frodige venleiken som var der, kvar ein så kom på eigedomen. Det vart sagt den gongen i 30-åra at alle blomelskarar måtte unne seg ein tur til Moldegård med opplevingar, når alt utfalda seg i ein enorm flora. Eg kan med mine ord vanskeleg skildra dette.

Gjekk ein inn den særmerkte, svarte hovudporten, kom ein til den store mektige lindealléen som strekte seg fram mot den praktfulle, gamle sveitservillaen. Han var omkransa av sirlege blomebed, store eksotiske tre, kjemperododenron og springvassanlegg, som hadde mange av Ingebrigt Vik sine skulpturar rundt seg. Dei fann ein elles mange stader rundt på eigedomen. Johan Ludvig Mowinckel (J.L.M.) var ein stor beundrar av Ingebrigt Vik sine skulpturar.

Mowinckel-slekta

Far til J.L.M., Johan Anton Mowinckel kjøpte denne eigedomen i 1883 og deretter bygde han den store sveitser-bustaden, Storhuset som det vart kalla. Dette var bruk nr.1 på Molda. Men før dette var Mowinckel- familien landliggjarar på garden til Anders A. Hauge (frå 1838 – 1903.)

Sommaren 1910 kjøpte han også bruk nr.2 på Molda, og vart såleis eigar av begge bruka der. Han bygde husa som sto på bruket fram til 1950.

Johan Anton Mowinckel f. 1843 vart i 1869 gift med Magdalen Margretha Müller f.1841.



Johan Anton Mohr Mowinckel (1843-1918) bygde denne eventyrlege trevillaen på Moldegård

Borna var Johan Ludvig f. 1870 og Magdalon f. 1871, (kjøpmann i Bergen).

Johan Anton Mowinckel var av ei gamal kjøpmannsætt frå Hansatida i Bergen og dreiv handel og skipsreiing . Molda vart mest nytta om somrane. Kona, Magdalen, døydde alt i 1871.

Johan Ludvig skøytt bruket etter far sin i 1918.

I 1921 kjøpte han også hovedbruket på Klyva frå jødinna Maja Schulze, f.1883. Ho dreiv pensjonat i hovedhuset der og var tysk skodespelarinne. I 1942, før jøderassiane, kom ho seg til Sverige. Ektemannen var tysk og kom attende som tysk soldat under 2. verdenskrigen.

J.L.M. vart første gong gift i 1894 med Karoline Andrea Stabell f.1871 d. 1898.

Gift andre gong i 1902 med Sigfrid Sundt f. 1882 og for tredje gong i 1917 med Julie Gran f.1882.

Born: Johan Ludwig jr.f.1895 var kapellmeister og orkesterdirigent. Han hadde sommarhus på Neset, og døydde i 1940. Begge borna hans, Johan Ludwig (Luggen) og Daniel (Dan) omkom i tragiske ulykker i 1950-åra.

Jens f. 1918 vart gift med Carol Montgomery i USA. Han døydde i ung alder. Dei hadde borna Johan Ludwig og Kristine, som seinare fekk etternamnet Reksten då Carol gifte seg med Hilmar Reksten. Denne adopsjonen skulle få skjebnesvangre følge for Johan Reksten i kampen om Moldegård.

Magda f.1920. Ho var ugift og vart over 80 år.

J.L.M. hadde Moldegård som sin residens under sine tre periodar som statsminister frå 1924 – 1935 og som stortingsmann for Venstre. Berre 29 år vart han varaordførar i Bergen og vart ordførar i Bergen etter Christian Michelsen alt i 1902. Var såleis den yngste ordføraren der nokon gong. 35 år gamal vart han stortingsmann. Ei livsoppgåve han hadde fram til ein alder av 70 år, i tillegg til rederiverksemda.

Parkanlegget

Moldegård var i J.L.M. si levetid ein praktieigedom og eit særmerkt bruk som sysselsette mange arbeidarar. Blomeprakten synte seg alle stader. Den flotte tennisbanen med inngjerding av eit vell av raude roser på alle kantar, krocketplassen utanfor med mange påske- og pinseliljer rundt. Ein skog av rododendron i alle fargar kransa gangstiane som snodde seg kringom i parken. Alltid grusa og raka med nystukne kantar. Frå tennisbanen kunne ein promenera ned til piledammen med små femkanta andehus og bogebruer i venetiansk stil. Der var det ein fin kastanjeallé ned mot kaianlegget. Molda var godt utbygd med ly for uvêr. Heile somrane låg den store lystbåten i mahogni der. J.L.M. tok ofte både norske og utanlandske gjester med båten "Molda" på rundturar i den vakre Osbygda vår.

Moloen, som vi kalte "Molja", var ein fin badeplass for ungdomane med stupebrett, badetrapp og stort badehus. Frå "Molja" fanst det ein særskilt vakker gangveg med fine kvileplassar og benkar som enda opp i Moldafjøro. Om somrane var det eit yrande badeliv med ungar frå oppsitjarane både på Bø og Klyva.

Moldegård hadde fint, stort naust og badehus. Gardane rundt nausta var velhaldne. Fjæra var alltid rein og fin. På gardane rundt vart husa ofte utleigd til "byfolk" om somrane. Huslyden sjølv flytta i kjellaren. Så det var mange fine

Bergensfamiliar som hadde faste plassar i Moldafjøro. Gardsfolka sjølv hadde vel helst travle dagar med onnearbeida sine.

. Eg hugsar dei store morelltrea med kjempegode kjøttmoreller og flaggstonga med avmerkingar kor mykje me ungene voks i året!

Vangasneset var også ein ynda badeplass, særleg for "Kapellmeisteren" sin familie på Neset. Ja, på Neset var det mykje leik og moro, gråt også. Det skulle verta mykje av det seinare –. Vangasneset var aktiv badeplass for store og små, både i sol og regn. Store badehus, stupebrett med tau under og badetreapp. Vi ungar vart kasta på djupt vatn med korkbelte på og måtte symja bort til taua. Men lærde snart å symja utan det ekle korkbeltet. Var ikkje gamle når vi kunne symje bort til laksegarnet som var i sjøen frå Notabuo.

Dei vaksne på Neset likte å bade kleause – det var ikkje vanleg i dei dagar. Vi ungene var nyfikne og tykte det var spennande å sjå på dei.

Telefonsystemet var noko tungvindt på garden. Det var i gardsstyraren sitt hus. Kom det telefon til kapellmeisteren eller statsministeren vart det å springa og dingla med kubjolla frå Bjørkhaugen. Kapellmeisteren laut springa den bratte Grøvlebakken med minst femti (50) trappetrinn opp til styrarhuset. Seinare fekk dei telefon også der. Det seier litt om utviklinga frå 30-åra opp til i dag når 10-12-åringar har sin eigen mobiltelefon. Grøvlebakken opp frå Moldafjøro var ikkje berre ein vanleg gangsti med trapper. Der var planta mange sjeldne blommar som krov lite lys. Det var ein mørk oppgang med skugge frå store tre. Bak Neset var det ein fin liten husmannsplass med raude småhus og ei smie. Plassen vart kalla Smievågen. Her budde smeden Nils og dottera Oline. Nils vart svært gamal og døydde truleg mest 95 år.

Gardsdrifta

Sjølve gardsbruket var nerva på heile eigedomen. I sommarhalvåret kunne det vere 14 – 16 arbeidarar der, i gardsdrifta og på gartneriet. Arbeidsfolk av begge kjønn vart alltid tekne godt hand om. Løna var god, og folket vart verande der år etter år. Hadde dei arbeid på Moldegård, så var levemåten berga. Travelt var det mest heile året. Drivhusa var små og vinkelforma. Mest så dei skulle vera arkitektheitna, der dei smaug seg inn i landskapet. Fulle av tomatar, agurkar, druer, melonar, fersken og blommar. Murane rundt var dekte til med eføy. Store areal med glassbenker.

Far hadde sansen for mange eksotiske frukter og grønnsaker. Aprikostre vart planta langs med fjøsveggen.



Frå ein slåttegrautfest. J.L.M. heilt til venstre

Slåttonna var lang og tidkrevjande i dei dagar utan traktor og förhaustar, men du hadde god hjelp av tre hestar. Skrapslåtten var dei nøye med. Dei var tidleg ute og prøvde silolegging, men hesjing var mest vanleg. Alle, både familien og arbeidarane, såg fram til den store slåttegrautfesten når onnene var vel ferdige. Den vart avslutta med dans og musikk frå den store, gamle grammofonen til Jonette og Karin, budeiene.

Blåturane var noko anna arbeidsfolka venta på med spenning. Kvar gjekk turen i år? Lygropollen eller Tysnes o.s.b.? Det var ei storhende for arbeidarane å reise med den fine "Molda", med Magnus Bøe som styrmann og guide. Til stor ergrelse for oss ungar. Vi fekk aldri vera med på dette. Nistekorgene var fulle av godsaker, såleis også vinkorgene. Storhuset hadde ein sær s fin vinkjellar.

Dei store tre-rømmekollene vart sett til syrning hjå budeiene. Måtta ha tunga beint i munnen den som skulle bera opp desse til gjestebod i Storhuset!

Floren var innholdsrik. 24 kyr, alle med eiga namnetavle (!), okse, kalvar, sauer, (dei vart sende til fjells om somrane). Høns, kyllingar og grisar var frittgåande. Gjæsene og endene heldt til i andehusa og dammane. Alle dyra vart slakta på garden til

husbruk for familien Mowinckel. Dei var òg sjølvforsynte med poteter, grønsaker og frukt av alle slag. Men det vart levert varer med Mollabilen ein gong i veka til byen.

Når isen var passe tjukk på Banktjørna om vintrane, kom dei mannsterke frå Molda og skar tjukke, kvadratiske isblokker som vart lagra i eit spesielt ishus. Blokkene vart lagt i sagamo. Desse vart seinare nytta om somrane, og kokkane var nøye på isen.

Støtte til Os-bygda

J.L.M. hadde mange delegasjonar som sommargjester på Moldegård. Det var både regjeringar, stortingsfolk og tallause andre selskap frå kunstlag og utland. Då stod parken i all si uendelege prakt; Bjørnefjorden og Kvindheradsfjella utfolda sitt panorama som bakgrunn i dette landskapet. Her kunne han skildra landet her vest, og folket som sigla ut frå strendene og havet mot fjerne kystar i vest og sør. Regntunge skyer er altfor ofte himmel over dette vakre utsynet.

Mange var dei unggutane som i grendene rundt Moldegård fekk hyre på båtane hjå rederiet til



Ulven

FRÅ KLOSTERGODS TIL STATSSKOGAR
MED MILITÆR OG SIVIL VERKSEMD

av Øystein Sjøfteland

Eksersis på Ulven i 1920 åra

Foto: LHA

Ulven leir har i generasjonar vore som eit symbol på militær verksemd. Alle større øvingar på Vestlandet i militære sin regi har vore lagt til Ulven. Når Ulven leir ikkje lenger er eit militært samlingspunkt for infanteriet, meiner skriftnemnda det er viktig å få fram, både den historiske bakgrunnen og kva leiren har vore nytta til sidan han vart overteken av forsvaret i 1870-åra.

I 1870 åra tok det til å skje ting på Ulven som markerte eit skifte i den historiske utviklinga. Krig, naud og uår hadde i tusenårsnatta prega tilværet til folk flest, og utviklinga sto nærast stille. Men visse grunnleggjande verdiar låg likevel latente og vart generert opp saman med ymse andre innspel. Dei viktigaste elementa har vore:

Primærfaktorar

Eigedomstilhøva og jorddelinga

Statens skogvesen

Militærvesenet Krig og okkupasjon

Nyare eteblessement

Skytebane og skyttarhus

Flyplass og flysport

Øvingsbane for køyreskule

Leirdue- og hjortebane. Klubbhus

Andre temporære verksemder

Fangeleir

Arena for orienteringssport

Ymse andre ting

EIGEDOMSTILHØVA OG JORDDELINGA

Lysekloster var frå gammalt av den største jordeigaren i Os der 80-90% var kloster- eller kyrkjeieigedom. I 1537 vart Lysekloster nedlagt, men heldt saman dei store eigedomane. Alle bønder var leiglendingar under krongodset og godseigarar. Godseigar Formann (død 1871) var barnlaus, og etter jord-delingslova kom, ville arvingane selja alle gardane som ikkje låg heilt inn til hovudgarden

på klosteret. Etter 700 års leiglendingstid skulle gardane i Os endeleg verta sjølveigarbruk. Då hørde skogen til bruka, og staten ved forstvesenet, som var interessert i å eiga skog, melde seg som kjøpar og fekk tak i omlag 50 av desse bruka i første omgang. Resten, som var leiglendingsbruk, fekk ikkje bygsla skogen, og då eigde staten skogen og utmarka til leiglendingane den første tida.

Garden Ulven vart utskilt frå Lysekloster-eigedommen til staten i 1873. Sjølve innmarka ligg på ei flat sandslette omgitt av Ulvenfjell og Veslefjell i vest, Skogafjell i aust og Ulven-vatnet og Liafjellet i sør. Namnet kjem truleg av at det er sandjorda på Ulvensletta som har sett merke og namnet på garden. Etter 1600-talet har garden vorte skifta til fleire bruk.

Det gamle gardstunet var plassert på vest-sida av Ulven-sletta bortunder Ulvenfjellet. Den første tida etter skiftet vart ikkje bygningane på tunet onnorleis enn han hadde vore tidlegare. Huslydane budde i same stova, og uthusa vart også brukte i hop. Kvar bruk fekk ein bolk i loda og eit visst tal av båsar i fjøset og sauchuset. Heime i stova fekk kvar huslyd si krå og ein viss part av golvet. Etter kvart som velstanden auka og folketalet auka, kom det nye brukarar. Det vart bygd nye hus på tunet, og dei var større enn det som var vanleg på gardane elles i Os. På midten av 1700 talet vart Ulven-garden delt i 3 bruk. Brukarane budde i eit

J.L.M. og vart førstereisgutar.

Osbygda sto hjartet hans nær. Såleis støtta han gjenreisinga av Fjellheim etter brannen. Han gav også pengegåve til Os Ungdomslag då laget restaurerte og bygde oppatt Steindalsætra. J.L.M. var, saman med kona Julie, ein av pådrivarane for bygging av Os Gamleheim. Han skapte også Moldegårdfondet for gode formål for oppbygging av Os-bygda. Kysthospitalet i Hagevik (H.Gade d.e. og Mowinckel var nære vener), var han svært interessert i. Særleg gjaldt dette hage- og parkanlegget, som han gav økonomisk støtte til.

J.L.M. vitja ofte dei gamle Os-revyene og likte tekstane og songane der ; særleg satirane om seg sjølv. Då humra han og gledde seg over det.

Med i lokalmiljøet

"Tre med stav" var ofte å sjå langs vegen mot Hatvik over Steglet eller Hegglandsdalsvegen mot Hatvik: Peder Krøll, J.L.M. og Aksnesen. Ofte i heftige samtaler. Var det krise i vårt eige land med diverse parti? Eller var det verdspolitikken dei freista løysa? Kanskje var det all ramslauken i Klyvalio, som ein gong skjemde ut heile mjølkeproduksjonen. (Dei laut tømme alt til grisane).

Helsa til J.L.M var ikkje heilt god. Han hadde hatt giktfeber som ung og det merkte han. Difor vart dei lange turane påkrevjande for han så ofte han kunne. "Nils med Veien" var også ein god turven. Rasten hos "Gurino i Hølo" med å leska seg på rå, rørt bringebærsaft var god.

J.L.M. døydde i Amerika i 1943. Han kom aldri heilt over den tragiske døden til den eldste sonen sin i 1940. Han vart heldigvis skåna for bodskapen om døden til dei 2 sonesonene sine.

Å få veksa opp på denne garden er noko godt å ha med seg i livet. Tenkja attende på familien der og alle dei herlege arbeidsfolka som fanst overalt. Sitja på steintrappa opp til Neset og lya på pianomusikken som strøynde ut frå Kapellmeistaren der. (konsertar var ikkje vanleg i Os-bygda den gongen.) Dette var det kanskje som fekk meg til å bli så glad i musikk seinare .

I krigsåra 41-45 vart Moldegård okkupert av dei verste Gestapofolka frå Veiten i Bergen. Seinare vart Storhuset teke i bruk som barneheim for "Lebensborn"-barn. Tyskarane skulle ala opp ein rein arisk rase. Ved krigens ende brende mødrene alle arkiva og reiste frå borna. Dei vart tekne hand om på Mobergslie Barneheim, men identiteten til desse borna vart ukjend. "Historiens dramatik og spennvidde gjev oss berre små flik av menneskers lodd."



Johan Ludwig Mowinckel saman med dotter si

MOLDEGÅRDS SANG

22.OKTOBER 1923

Mel.: Jeg tog min nystemte cithar i hænde

Badet i Bjørnefjords vidfagre vanne
reiser sig rolig den skogklædte kyst
Melderskin løfter sin lysende panne
speiler i solglans sit brævite bryst.
Moldegård – mildt mellem blomstrende bed
og rødmende roser – gir hvile og fred.

Blidt blåner bukten hvor bølgerne bryter
smygende smult om småpikernes ben
sjøsaltet svømmende ungdom sig fryder
sjælene sunne, på legeme ren.
Vestlannets sommer med smil under gråt
og sol over skyhæren drivende våt!

J.L.M.

fellestun/ klyngetun, eit hopehav om hus og jord: Bunadshus, røykstove, sengebu, stabbur, fjøs, løa, smalehus, hestestall, eldhus, vedhus, skykje, arbeidshus, potetkjellar, smie og do. Det kunne såleis vere ca 30 – 40 hus i ein krull på garden.

Sjølv om staten kjøpte Ulven-garden av Lysekloster først i 1873 for 3600 spesidalar, var det allereie i 1864 ei leirsamling på Ulven. Dei frivillige norske soldatane var då samla her med tanke på å reise til Danmark for å hjelpe dei mot tyskarane. Etter det fann dei militære styresmaktene ut at Ulven var sers høveleg til ekserserplass. I 1875 fekk militærstellet leigekontrakt på Ulvengarden til sitt bruk.

I 1878 – 79 vart det gamle tunet rive og dei tidlegare brukarane måtte flytte bort. Sidan då har Ulven lege aude som bondegard då han vart nytta til ekserserplass. Men sletta og marka ikring vart likevel nytta til beite sålenge det gjekk beist i skogen frå nabobruka og ikkje var til mein for militærøvingane.

STATENS SKOGVESEN (STATSSKOGANE)

Etter at staten kjøpte Lysekloster-skogane vart det hogge sterkt i ikringliggjande skog som hørde til Ulven gard. Noko vart nytta til ved, noko til tømmer og noko til vyrkje for handverkarar m.m. Noko var til eige bruk og noko vart sendt til Bergen. Dessutan vart det seld tømmer til skottane.

Nokre av klosterherrane hadde hogd sterkt i skogane, og leiglendingane følgde føredømet. Då staten i 1870 åra vart eigar av Ulven gard, vart det skipa ein planteskule her, og det vart planta ut i statsskogane. Skulen vart nedlagt i 1880 åra, men Bergen Skogselskap starta ny planteskule på Søfteland der det etterkvart vaks fram eit særskilt skogmiljø. I tillegg til planteskulen kom det ein skogskule (1923) og ein forskningsstasjon. Det vart



Rekruttar på Ulven ca. 1905

og oppretta særskilt stilling som skogforvaltar i Os inkludert prestegardsskogen. I 1924 vart det slått saman med Sogn og Fjordane som eige skogforvaltningsdistrikt. Den første skogforvaltaren var Reidar Blytt som busette seg på Søfteland.

I samarbeid med militærstellet vart det i mellomkrigstida arrangert skog-rekruttskular på Ulven. Det var rekruttar organisert i kompani, som i tillegg til litt grunnleggjande militærøplæring, fungerte som ei slags arbeidsteneste som dreiv skogkultiveringsarbeid såsom rydding, grøfting, hogst og planting m.v.

På Ulven-garden var jordbruket elles korndyrking og feavl i lange tider. Framgangen var heller liten og det gjekk seint. Nokre dreiv jakt både på hjort, fugl og småvilt elles. Etter føredøme frå Lysekloster vart det drive noko hagebruk og frukt dyrking .

MILITÆRET

Den 18. januar 1628 gjekk det ut frå slottet i København ein kongeleg ordinans (lovpåbod) om oppretting av ein eigen norsk hær basert på legdsystemet. Gjennom åra har utviklinga med omsyn til organisasjon, personell, materiell, og utdanning skifta karakter i takt med utviklinga elles. Frå 1911 blei ordninga med regiment innført, og på Vestlandet vart følgjande infanteriavdelingar sett opp:

1) Søndre Bergenhus Infanteriregiment nr. 9, der bataljonar frå Midthordland, Bergen og Nordhordland inngjekk.

2) Nordre Bergenhus Infanteriregiment nr. 10, med bataljonane frå Hardanger, Sogn og Sunnfjord.

3) Hertil kom utanfor regimentforband:

(1) Sunnhordland sjølvstendige bataljon

(2) Nordfjord sjølvstendige bataljon

Samtlege avdelingar inngjekk i 4. kombinerte Brigade.

Vår utskrivne hær blei lenge øvd på kyrkjebakken, "når prediken er til ende og gudstjenesten er forrettet." Dette var naturleg fordi regelmessig kyrkjegang hørde med til soldatens plikter. Dessutan var der som regel ein flate som høvde til vanleg eksersis.

Det blei gjerne eksersert ein gong i månaden. Først blei det lese eit kapittel av krigs-artiklane om dei militære sine plikter. Deretter følgde eksersisen med stor vekt på enkeltmannsutdanning. Denne eksisen gjekk føre seg fram til

Foto: LHA

1828.

Felles- utstyr vart lagra på kyrkjeloftet inntil 1730 då dei fekk eigne depot - telthus.

Kommanderande general, Prins Christian August, ga ordre om at hæren skulle "vokte seg for plainene" (slettene). Etter krigen 1808 – 09 blei spreidd orden (fektning) innført som alternativ til slutta orden (ekstersis). Ein tok til å organisere lette skarpskyttar- og jeger-avdelingar som kunne operere friare i skog og mark. Kravet til smidig manøvrering på slagmarka kunne ikkje møtast med infanteriets klassiske organisasjon. Nyordninga stilte krav til øvingsstadane.

Øvingsstadane for personell samla i større avdelingar ved Det Bergenshusiske Regiment hadde vore Sydneshaugen og frå 1827 Årstadvollen. Men då manntalet auka etter den store mandedauden, kunne tilhøva etterkvart ikkje stetta krava til øvingsstad, og då vart Ulven utsett som høveleg. Den 30. september 1875 vart det oppretta leigekontrakt mellom Forsvaret som leigar og Staten ved Forstvesenet som eigar av området. Utbygging av leiren tok til straks og utsjånaden av leiren vart stort sett ubrigda i nesten 100 år.

Under nøytralitetsvakta i 1939 – 40 vart nokre av bygningane pussa opp. Litt nytt vart også bygd av tyskarane under okkupasjonen. Etter krigen er nokre av bygningane rivne m.a. soldatheimen og dei 4 brakkene der fangeleiren låg (1982-83) Likeeins hestestallane i nordre leir, garasjeanlegga og latrinene (10 seterane). Der fangeleiren låg i nordre leir er no ført opp 3 nye moderne mannskapsbrakker og i sjølve leiren ei større kompanikaserne.

Det er også komme eit nytt og større garasjebygg i nordvestenden av sletta. Den tradisjonelle militære skytebana nordaust i leirområdet er utvida og modernisert (1990), og fleire korthaldsbanar er oppført. Baneanlegg for bruk av nye og tyngre infanterivåpen så som rakettkastarar og rekylfrie kanoner, er utbygt på Brandsneset ved Vaksinen.

Øvingsverksemda på Ulven i mellomkrigsåra let seg merke med 4. divisjons skule sine sommarøvingar og dei ordinære 30/40 dagars rekruttskulane. Då var det livleg i Ulvenområdet. Det tradisjonelle Jonsokbålet på Ulvensletta var eit stort og populært arrangement der folk strøymde til i hopetal frå byen og omlandet. Særskilt merksemd fekk flaggfiringa på flagghaugen kvar kveld til trompetsignalet "flaggappell". Då stansa all verksemd, og alle gjorde front mot flagget og helste. Flaggstanga er no teken bort og erstatta med marinens gaffelmast framfor vakthuset. Men mellomkrigsåra var ei vanskeleg tid for Forsvaret. Repetisjonsøvingane

blei sløyfa heilt. Rekruttutdanninga heldt fram som før, men talet på rekruttar som skulle utdannast, blei i ei årrekke innskrenka med 1/3 ved fritrekking. Forsvaret hadde gjennomgått eit forfall fram til utbrotet av 2. verdskrig den 1. september 1939. Rett nok vart det innkalla ei nøytralitetsvakt då, men det var for seint og for lite til vern mot det som skulle komme. Sjå seinare under "krig og okkupasjon".

KRIGSUTBROTET

Ved krigsutbrotet av 2. verdskrig primo september 1939, var Ulven ein av få garnisonar i landet der det vart innkalt ei beredskapsavdeling, ei såkalla nøytralitetsvakt. Styrken var på ein infanteribataljon, og kvar kontingent var inne i 3 månader. Den første kontingenten var ein fellesoppsetting av folk frå IR 9 (Hordaland) og IR 10 (Sogn og Fjordane), den andre frå IR 6, den tredje var ein rein IR 9 bataljon som kom inn ei veke før det tyske overfallet på landet den 9. april 1940. Denne bataljonen sin hovedstyrke blei transportert i rutebilar frå Osbilane, Fana, Åsane, Milde, Lysekloster, Topdal og Laksevåg til Bergen (sjå bilete) i 3- 4 tida om natta medan tunge bombefly krinsa lavt og sakte over Ulvenområdet. Samstundes rasa jagarfly over området. Det vart noko sporadisk skyting mot flya frå Ulvensoldatar som var utgrupperte i området Søfteland, Hagavik, Mobergshaugane og Lysefjorden, og undervegs til Bergen.. Eit kompani gjekk mot Kvarven og vart teken til fange. Resten av bataljonen trekte seg tilbake frå Danmarks plass - Natland - Nesttun – Midttun og førde opphaldande strid langs Bergensbanen til Voss. Dei utplasserte vaktstyrkane i Ulven – Os - området trekte seg ut av grupperingsområda og kom seg på ymse vis til Voss og vart sameina med ein reorganisert bataljon der.

Midt på dagen den 9. april kom eit tysk infanterikompani køyrande i 3 lukka bussar (Bergen Sporvei) frå Bergen (norske sjåførar), gjorde eit lite opphald på Osøyro, og heldt så fram til Ulven og møtte ikkje på noe motstand. Bortsett frå 8 – 10 mann, var leiren så godt som tømt for folk, og ca kl. 1300 kom signalet om at Ulven var inntatt. Norske soldatar som framleis oppheldt seg på Mobergshaugane, kunne med sorg observera at det norske flagget på Ulven vart firt, og det tyske hakekorsflagget vart heist. Mobiliseringslagra på Ulven fall i fiendane sine hender. Norske mannskap som skulle møte på Ulven ved mobilisering, møtte hakekorsflagget. Mange tok seg likevel fram til Voss etter eige initiativ, men måtte kappast med tyskarane som rykte fram mot Voss.

Om Ulven-bataljonen heitte det i ettertid at "det

var mykje manøvrering og lite skyting”.

Talet på okkupantar auka raskt på Ulven. Dei tok straks til med førebuing og utbetring av forsvarsstillingar, ikkje så mykje på sjølve Ulven som i nærområda som eigna seg til forsvar. På slutten av krigen vart Ulven nytta til retrettstad for avdelingar som kom frå Finland og Nord-Noreg. Og etter kapitulasjonen i 1945 vart det samla endå fleire folk her i samband med demobiliseringa.

Etterkrigstid

Etter frigjeringa i 1945 skulle Noreg delta i okkupasjonen av Tyskland som del av British Army Of the Rhein. I tida 1946 – 53 vart Ulven teken i bruk til oppsetting og utdanning av infanteribataljonar som skulle inngå i Tysklandsbrigaden. Deretter vart Ulven nytta eit par år som Infanteriets øvingsavdeling nr.2. Her sto dei for rekrutt- og førstegongsutdanning av soldatar som skulle inngå i den ståande brigaden i Nord-Noreg. Det vart ei tid arbeid for å få etablert Ulven til fast øvingsstad. Etter motstand frå landbrukshald ved kommunen, vart IØ 2 i staden flytta til Evjemoen.

I etterkrigstida har utbygging og drift av Ulven leir vore prega av uvissa om den framtidige bruken. Særleg perioden 1953 – 65 var vedlikehaldsarbeida minimale. Rett nok gjekk Forsvarsdepartementet inn for å ruste opp leiren i 1965. Ei tid såg ein meir optimistisk på bevaring av Ulven leir.

Fram til 31.12.2002 har verksemda på Ulven vore konsentrert om:

- (1) Administrasjon og vedlikehaldssenter for Hordaland Infanteriregiment nr. 9,
- (2) Lager for regimentets mob.oppsetningar,
- (3) Øvingsplass for Forsvarsdistriktets repetisjonsøvingar,
- (4) Øvingsplass for Hordaland Heimevernsdistrikt,
- (5) Utlån av etablissement som øvingsplass for m.a. marinen, politiet, sivilforsvaret, og andre sivil/militære institusjonar/avdelingar.

I 1964 skifta Hordaland IR 9 nemninga til Hordaland Forsvarsdistrikt/Hordaland infanteriregiment nr. 9. Då Distriktkommando Vestlandet vart nedlagt 1995, overtok Regimentet kommandantskapet på Bergenhus festning og fekk nemninga Bergenhus Regiment og med dei same oppgåver og plikter som tidlegare på Ulven.

Med den opprustninga som har funne stad dei siste 10 – 15 åra med skytebanar, forlegnings- og undervisningsrom, hadde regimentets treningsstatus på Ulven nådd eit godt nivå før krakket kom

med nedlegginga av Regimentet i 2002.

Ved den nye forsvarsordninga 2002 er m.a. Bergenhus Regiment nedlagt fom 30.09.02. Dette blei markert ved stort arrangement i Håkonshallen den 29. sept. 02. Skifte av kommandant på Bergenhus fann stad ved flaggfiring på festningen den 30.09.2002 kl 2400 av regimentsjef oberst



*Ei ny tid. Den nye gaffelmasta som marinen har reist på Ulven
Foto: Hilmar Flaterås*

Edvard Larsen. Det var ingen offisiell sermoni på Ulven ved dette høve.

Kommandantskapet på Bergenhus vart f.o.m. same tidspunkt overført til Marinen. Forvaltninga av Ulven vart fom 1. oktober 2002 overtatt av Haakonsværn Orlogsstasjon som er underavd. av FLO (Forsvarets Logistiske Organisasjon). HOS vil heretter stå for utleige av anlegga på Ulven til aktuelle brukarar, inkludert Heimevernet. Men HV`s distriktskontor med stab kjem ikkje til å flytte til Ulven, slik som tidlegare var gjort kjent. Etter opplysningar frå den nye plasskommandanten på Ulven, kommandørkaptein John Fredrik Honningsvåg, skal dei i staden flytte frå Åsane til festningen i Bergen.

Det vert altså framleis øvingar, men i mindre omfang. Og lagring av mobiliseringsutstyr og oppsetting av mobiliseringsavdelingar vert det no slutt med.

Dei nye forvaltarane på Ulven har no planar om å sanere nokre av dei eldste bygningane. Ved sida av dette vert den mest synberre endringa på Ulven den nye gaffelmasta til Marinen, og at den vestre av dei to "Hurrahaugane" er skoten bort og jamna med sletta.

Den austre haugen, der minnesteinen over marinefolka som vart avretta, er reist, skal framleis ha si opphavelige form og preg og naturlege vegetasjon utan noe ytre inngrep.

Men det har no kome flomlys også på Marinebautaen.

Tidlegare regimentsjef, oberst Vigar Aabrek, kjem i haust ut med ei bok om Regimentet i tidbolken 1911 - 2002 .

OS SKYTTLARLAG

Samvirke mellom Forsvaret og Den frivillige skyttarsamskipnaden har vore nært og godt sidan begge instansar blei etablert i slutten av 1800 talet. Skyttarsaka hadde framgang, særleg i riksrett-tida, då folk var redde for at militæret kunne bli nytta til å undertrykke det norske folks vilje. Det kom istand semje med Militæret og Statens skogar om bygging av bane på Ulven like ovanfor den militære skytebana. . Banen vart bygd i 1931, og i 1932 vart det ført opp nytt skyttarhus som tyskarane brende ned i krigstida.

Då det er meininga at "Os Skyttarlag" skal komma som særskilt tema i ei seinare utgåve av "Osingen",vert det derfor ikkje meir omtalt her denne gongen.

ULVEN FLYPLASS - OS AERO KLUBB

I etterkrigstida har det vakse fram ei omfattande sivil flyverksemd på Ulven basert på Segflysporten. Den 3. september 1946 vart det halde konstituerande generalforsamling for Os Aero Klubb då klubben vart offisielt stifta.

Status pr. 1996 etter 50 år var: 1) Eigen flyplass, 2) Eigen hangar, 3) Eige klubbhus, 4) Eige byggelokale, 5) Sju (7) fly, 6) Etthundre og femti (150) medlemmer.

OS JAKT OG FISKELAG

I den vilt- og fiskerike Os-bygda var det rimeleg at jakt- og fiskefrelste gjerne ville nytta seg av dette potensialet. Rettane hørde til grunneigarane, og folk som ikkje hadde slike rettar, måtte ty til venskap og kjennskap og "good will" hjå jaktterreng-eigarane rundt om i gard og grend, for å få lov til å "gå med børso". Det same gjalt for såvidt også sportfisket.

Folk med same interessefelt samla seg til skiping av Os jakt- og fiskelag den 24. mai 1968 der 29 mann møttest. Dei mest sentrale oppgåvene har vore: 1) Å skaffe leigekon-trakt, både hjå private

grunneigarar, Os kommune sine disposisjons-område, og på staten sin grunn, 2) Bygging av leirduebane, 3) Bygging av hjortebane, 4) Bygging av klubbhuset "Ulvehiet", eit sentralt og praktisk bygg som sto ferdig til bruk i 1994.

ØVINGSBANE FOR TRAFIKKSKULE

På den etterkvart attgrodde fangemyra, som vart dyrka av dei norske politiske konsentrasjons-leirfangane på Ulven i 1940 – 43, har Os yrkesskule fått bygge ein øvingsbane/veg til føraropplæring ved trafikkavdelinga. Vegen vart bygd i byrjinga av 1980 talet og fekk nemninga "Hagenlundvegen" etter dåverande Regimentsjef.

FANGELEIREN

Etter kapitulasjonen i juni 1940, var heimkomne soldatar og folk flest skuffa og vonbrotne. Det ga kveik til motstandsørsla som greip om seg, men som enkelte stader vart lett byte for den rutinerte og brutale tyske sikringstenesta. Etterkvart som gestapo slo til, samla dei arrestantar frå Stavanger til Ålesund til forhør i Veiten i Bergen. Kretsfengselet vart fort overfylt. Men i Ulven leir var det plass etter at den norske nøytralitetsvakta var borte, og leiren no berre var delvis opptatt av okkupantane. Den første nordmannen vart arrestert den 17. mai 1940 i Bergen, og i slutten av juli s.å. kom dei første fangane til Ulven, som var den første interneringsleiren for politiske fangar i Noreg. I løpet av hausten 1943 var dei siste fangane overført frå Ulven til den nye fangeleiren på Espeland.

Det er mange som har sakna ein viktig minnestein til markering av Ulven Fangeleir, den første konsentrasjons-leiren for norske politiske fangar under 2. verdenskrigen, der eit 1000 tal patriotar og motstandsfolk var internert før dei blei deportert til Grini og Tyskland. Av eit utval på 5 motstandsorganisasjonar vi kjenner til frå Ulven på tilsaman 379 mann, kom 137 aldri heimatt---

"Ulven som fangeleir i krigstida" har vore omtalt som tema i "Osingen 1985" og "Osingen 1995" og vil difor ikkje bli omtalt nærmare her. Eit nytt ajourført skrift om dette er også under utarbeiding

ULVEN SOM SENTER FOR ORIENTERINGSSPORTEN

Orienteringssporten har lange tradisjonar i bruken av Ulven og Ulvenområdet. Variert og skogkledd terreng, som omkransa leirområdet, passa ypperleg til denne edle masseidretten.

Ein stor fordel her, var at området allereie før krigen var dekkja med etter den tids forhold serdeles gode orienteringskart i målestokk 1:25 000, med 10 meters ekvidistanse og med 4 fargar. Desse

"Bergen omlandskarta" var så gode at dei vart nytta i fleire år etter krigen og gav eit godt grunnlag i bruk av kart og kompass. I seinare år har klubbane laga endå meir spesifiserte orienterings-kart i målestokk 1:10 000 og 1:15 000.

YMSE ANDRE TILHØVE

Sjølve flatane i Ulven-området har og vore nytta til ymse temporære verksemdar og arrangement elles, så som:

Fotballtrening og kampar på Vaksinen ved fotballklubben "TEDDY" frå Hagavik, motorkross på Vaksinen, ridestemne og musikkarrangement på sletta, øvingar for sivilforsvaret, politiet, NATO-avdelingar. Kurs- og møteverksemd for befalsforeningar, Røde kors, Lingeklubben m. fl., minnestunder ved bautaer og minnesteinar:

- 1864 steinen for dei som var samla her for å reise til Danmark,
- 1905 steinen for frigjeringa frå Sverige,
- Marinebautaen over 7 marinefolk som vart avretta i 1943,
- Minneplate over Karsten Wang og Ivar Duesund som vart avretta i 1942,
- Minneplate over falne IR 9 soldatar under felttoget 1940,
- Minneplate montert på 1905 steinen om frigjeringsminne 1945,
- Minnestein over Tysklandsbrigaden 1947 – 1953, i indre leirområde.

GARDSBRUK I 2003

av Kirsten Kårbø

*Alle sauene for
og skogen vart stor.
Fattig det vart
og samfunnet hardt.*

*Av lydane før
vart du `kje ør.
Det vert du no
trafikk gjev `kje ro.*

*Golfbanar kryr
i staden for kyr.
Det er ikkje bra
slik velstand å ha.*



Rekruttar på Ulven ikring 1925

Foto: LHA

LOSJE "MIDTHORDLAND"

Av Kåre Herdlevær

Fråhaldsarbeidet i Oskrinsen hadde sine beste arbeidsår i åra før og etter siste krig. Eit av dei laga som markerte seg sterkt i den tida var losje "Midthordland".

Artikkelen gjev nokre glimt frå arbeidet i losjen.

Losje "Midthordland" var tilslutta IOGT (International Order of Good Templars). IOGT vart stifta i USA i 1851 som ein internasjonal fråhalds- og fredsorganisasjon. Til Noreg kom organisasjonen i 1877 då skipskaptein Carl Reynolds stifta den første losjen i Porsgrunn. Til Os kom den då losje "Midthordland" vart stifta 16.mars 1902. Losjen fekk nr. 649 innanfor godtemplarordenen. Den hadde ei organisatorisk oppbygging med grunnlosje,krinslosje og distriktslosje under Norges Storlosje. Distriktslosjen hadde namnet "Fremad" og gav ut sitt eige meldingsblad med same namn.

Den første tida

Losje "Midthordland" starta i det små, slik dei fleste nye organisasjonar har gjort. Dei som gjorde opptaket var handelsmann Lars Nilsen og vognvisitor Nils Falkanger. På skipingsmøtet møtte dessutan blikkenslager Ingebrigt M. Bjørø, smed Jacob Helgesen, pussar Johannes Nilsen, skomager Theodor Nyegaasø, stationsbetjent Johan Svændsen, Brita Svændsen, Sofie Engen, Rannveig Opland og Petra Engen. Tils. 12 personar som alle melde seg inn. Medlemsstokken auka utover i skipingsåret og laget hadde 26 medlemmer i 1902. Namna og yrket viser at tilsette ved Os-banen var

godt representerte. Men medlemstalet, som rett nok auka noko, viser vel at fråhaldstanken ikkje har fenga det breie lag av folket i Os, sjølv om eit medlemstal på om lag 70 like etter siste verdskrig må seiast å vera bra for ein ideell organisasjon.

Men det vart skipa losjar i andre krinsar òg. Losje "Ole Bull" i Lysefjorden i 1909. Losje "Nesjabuen" på Søre Neset i 1913. Samme året losje "Øyværingen" i Søre Øyane. Losje "Solglytt" på Søfteland i 1918 og barnelosje "Dølavon" i Hegglandsdalen i 1928. Men det var losje "Midthordland" som heldt ut lengst.

Ein god "skule"

Godtemplarlosjen hadde ei spesiell møteform, med eit særeige ritual. Møta vart alltid opna i eit fast mønster, der berre dei som var medlemmer fekk vera med. Dette er skildra slik i lagsbladet "Godviljen" 13.februar 1947: " *Me godtemplarar er nokon merkelege folk; synest sume. Me gøymer oss vekk når me skal ha møte og ikkje kan det få koma nokon innom dørene våre, hvis dei ikkje er medlemmer av ordenen.*" Dette var nok rett. Losjane hadde eit passord som måtte seiast til "marsjalane", som gjekk rundt i salen. Dette for å vera sikker på at det ikkje var nokon i salen som ikkje hørde til ordenen. Ved inngangsdøra var det vakt. Kom nokon for seint måtte dei seia passordet til vakta for å koma inn. Men innanfor fleire losjeordenar var ikkje dette noko merkeleg, men ein heilt vanleg praksis, uavhengig av om det var godtemplarar eller ikkje.

Etter reglane skulle det veljast 15 ombudsmenn. Frå Øvstetemplaren, som styrde møta, til Dørvaktene, som heldt orden ved døra. Dette, møteforma og ritualet gjorde at mange medlemmer kom aktivt med i arbeidet. Medlemene gjekk såleis i ein god skule i lagsarbeid, noko fleire tok med seg ut i samfunnsgagnleg



arbeid. Same gode skule i møteleiing og organisasjonsarbeid finn vi også innanfor ungdomslagsrørsla.

Møta vart den første tida haldne i kjellaren i det gamle skulehuset ved Os skule, det som framleis er i bruk til skuleføremål. Seinare vart det kafè "Mobergviken", eller "Vikjo" på folkemunne, som vart møtestaden.

Lite arkivstoff

Utanom ein protokoll for lagsbladet "Godviljen" som går frå 11.01.1947 til 04.04.1950, den einaste som er att, er det "Medlemsprotokoll", "Finanssekretærs kassabok" og "Ombudsmannsfortegnelse" som finst av arkivsaker for losjen. I tillegg ein heil del kvitteringa frå ulike tilskipingar. Det er dette som har vore hovudgrunnlaget for denne artikkelen.

Ombudsmannsfortegnelsen viser fleire kjende namn. Namn som har sett merke etter seg i Os-bygda. Frå 1938 nemner eg Ludvig Haugen-politikar og motstandsmann, Gina og Barbra Bjånes-to søstre som med idealisme og fantasi dreiv barnelosjen "God Von", Lars Kristiansen-kjent lokal revyartist, Anders Hauge-seinare mangeårig ordførar og Alfred Nøss- truleg mest kjent som "Lars med sjød'n". Frå siste "fortegnelsen", som er frå 1957 er kjende namn som Daniel Grindevoll, Lars Bastiansen, Sverre Fløysand, Synnøve Bjørke (f.Hauge), Hans Tysseland og Aslaug Tysseland (f.Hjemdal) kome til.

Som nemnt hadde losje "Midthordland" eit lagsblad med namnet "Godviljen". Svært mange ideelle organisasjonar hadde eige lagsblad. Her fekk medlemene øva seg i å skriva om eit og hitt som kunne vera av interesse for lagsflokkjen. Lagsbladet kom første gongen ut i 1931, men som nemnt ovanfor er det berre eitt nummer, truleg det siste, som har kome til rette.

Sidan ein manglar referatbok frå møte og festar, er det "Finanssekretærs kassabok" og kvitteringar som gjev oss flest opplysningar om arbeidet i laget. Då serleg frå det som går på festlege tilstellingar. Eit heller svakt artikkel-grunnlag.

Konfirmantfest

Losjen tok tidleg til med konfirmantfestar. Første "referat" frå ein slik er frå 1938. Truleg vart denne festen halden i nye "Fjellheim", som vart vigsla 5. februar same året. Kor mange som var med, står det ingen ting om, og då krigen kom, var det vel uråd å få til slike arrangement. I 1951 var det igjen konfirmantfest i "Fjellheim". Siste gongen ein finn

referat frå slike festar i rekneskapen er 19.november 1953. Denne gongen var han i Mobergviken kafè. Kanskje vart "Fjellheim" for stor for den flokken som møtte fram, men kor mange som var med, står det ikkje noko om denne gongen heller. Konfirmantfestane viser at losjen var vaken for at ungdomen så tidleg som råd var skulle koma inn i eit rusfritt miljø. Men kor stor verknad det hadde på ungdomen den tida veit ein ikkje.

Basarar

Eit anna arrangement som drog bra med folk var basarar. Den første ein finn referat frå er i november 1939. Kor mange som var med står det ingen ting om, men overskotet var på kr.171,90. Ut ifrå den tids pengeverdi var dette truleg eit bra resultat. Krigen stogga denne verksemda, men i 1947 var det igjen basar i Fjellheim. Denne gongen var overskotet på heile 844,04. Endå betre var det i 1948 med eit overskot på 1.222,95. Basaren vart då skipa til over 2 dagar, og det tyder vel på at det var eit populært tiltak. To dagars basar var det også i 1951 og 1952. Begge gongene med godt økonomisk resultat. Siste gongen var det pokalskyting og loddskyting (kva no det siste tyder), og det er opplyst at det var 62 vaksne og 154 barn tilstades.

Juletrefestar

Den tilskipinga losjen stod for, og som trekte mest folk, var juletrefestane. I mange år, både før og etter siste verdskrig, var det tradisjon i Os-krinsen at losje Midthordland skipa til juletrefest, Os ungdomslag hadde tilstelling jonsokaftan og Os Mannskor olsokaftan. Dei to sistnemnde var i mange år haldne på Lurane, seinare i Mobergsvikjo.

Juletrefestane, som alltid vart haldne i Fjellheim, samla mykje folk. Det vart halde både barnefest og vaksenfest. Barnefesten var det truleg dei ansvarlege i barnelosjen "God Von" som hadde ansvaret for, medan vaksenlosjen tok seg av dei vaksne. Det står lite om dei festane som var før siste krig. Men i åra frå 1947 til og med 1953 var det fest kvart år. Det var etterkrigstid og som ein kuriositet kan nemnast at i 1948 står det: "*Frå Os Forbruksforening: skylder 8 sukkermerker, 22 feittmerker og 75 brødmerker*". Om dei fekk merka står det ingen ting om. Juletrefesten i 1952 samla 431 barn på barnefesten og 265 vaksne på vaksenfesten. I 1953 var tala høvesvis 350 og 183. For oss, som har stått for festar i Fjellheim, ser vi for oss ein travel og hektisk kveld for dei ansvarlege, når det var så mykje folk tilstades. Etter

den tids pengeverdi var kanskje kr.1,00 for barn og kr.4,00 for vaksne nok. No er det blitt småpengar. Forutan gang kring juletre og julenisse, for borna i alle fall, står det lite om programmet. Men festtale var nok obligatorisk på vaksnefesten. Ekteparet og skodespelarane Hjördis Ring og Andreas Bjarke underheldt med opplesing både i 1952 og 1953. Då truleg på vaksnefesten. Men med minkande medlemstal vart det for stritt å ta på seg eit slikt stort arrangement. Siste gongen julefest er nemnt er i 1956, men det står ingen ting om kor mange som var med.

I tida etter siste krig, då arbeidet gjekk godt, hadde laget som mål å skaffa seg eige hus. I lagsbladet står det at det vart samla inn pengar til eit husfond. I oppsummeringa av arbeidet i 1948 står det etter basaren same året: *"So det munar då litt ja det munar på dette husfondet vårt. I 1952 skal huset stå ferdig segjer optimisten vår."* Sjølv om "tru kan flytta fjell", så vart det nok ikkje noko losjehus.

Ut på reis

Gjesting til og frå andre losjar var ein viktig del av arbeidet. I 1937 kom losje "Heim" frå Bergen på vitjing. Denne losjen er av dei få som enno driv aktivt lagsarbeid. I perioden frå 1910 til 1920 var det eit aktivt samarbeid med losjane i Samnanger, Fusa og Strandvik. Seinare vart det losjane i vest som vart samarbeidspartnarar. Såleis vart losjane i Os, Sotra og Fana samla i krinslosje "Hardsjø". Krinslosjen hadde sammøte 2 gonger i året. Turane til Sotra gjekk med motorkuttar over Bjørnefjorden. Losje "Midthordland" hadde fleire gode amatørskodespelarar som medlemmer. M.a. Lars

Kristiansen og Alfred Nøss. Sistnemnde fortel at dei hadde kulissene med på båten. Det første arbeidet dei fekk var å sopa saueskit av golvet i ungdomshuset. Litt av ein velkomst! Av dei nære losjane var det losje "Ole Bull" i Nordvik og losje "Skjoldborg" på Nesttun som samarbeidde mest. Artikkelforfattaren, som medlem i "Skjoldborg" den gongen, var sjølv med på gjesting både til Nordvik og Os, og desse losjane kom til oss. Gilde sammøte, så langt eg hugsar.

I lagsbladet har Barbra Bjånes ei levande skildring av ein tur barnelosjen "God Von" hadde til Hålandsdalen i 1947. Det er sikkert fleire av lesarane som hugsar M/K "Steinar", som dei reiste over fjorden med. Frå Eikelandssosen var det lastebil. Det var verken bilbelte eller andre sikringstiltak den gongen. Alle vart stuva opp på lasteplanet for at dei skulle koma seg til Hålandsdalen, som var målet for reisa. Losjane der hadde klingande namn. Vaksne losjen heitte "Grånut" og barnelosjen "Fossheim". Men dei er også historie no, på same måte som losje "Midthordland".

Først på 1960-talet vart medlemstalet så lågt at det ikkje var forsvarleg å halda fram. Losjen vart nedlagt. Eit kapittel i fråhaldsarbeidet i Oskrinsen var slutt.

Kjelder: *Os-soga*
Statsarkivet
Alfred Nøss
Sverre Fløysand



På veg til krinslosjemøte ein gong sist i 1920-åra. Medlemar frå Os-losjane "Midthordland", "Ole Bull" og "Nesjabuen" ombord på M/K "Havdrøn" frå Fjell

Foto: L.H.A


BARNE SIDER

av elevar ved Nore Neset skule

GOD

MORNING

Fargelegg
denne
teikninga



Spørsmål

LETT

Kva årstal er det
no?

Svar: _____

Middels

Kor mange år er
du når du begynner på skulen?

Svar: _____

Vanskeleg

Kva er det som er inni
plomma?

Svar: _____

Bokmelding av

Harry Potter bok nr.4

Harry Potter og ildbegeret
er boka. du må lese!

Boka. handlar om
Harry Potter som blir
med i trettrollmanns-
turneringa. Men Harry
blir den fjerde for-
kjemparen.

Det skjer noko heile
tida i denne boka.
Eg synest den er bra!



TILBUD



my butikk
opnar på
Flateå
senter

Dyre Side



Følg tala og sjå
kva det blir

Vassrett

1. Motsett av trong
3. Fugl
5. Skunde seg
6. Ikkje ris, men ...
8. Gudbrand i ...
10. Jentenamn
12. Finst ofte i ein restaurant
14. Hovudplagg
15. Får vi frå høna
16. Legg vi på bordet

Loddrett

1. Årstid
2. Uklar luft
3. Ikkje heile, men ein ...
4. Jentenamn
7. Personleg pronomen fleirtal
9. Veslesystera til Emil
10. Bruker ein i robåt
11. Kongen blant dyra i skogen
12. Kan blommar vekse i
13. Motsett av fattig



Hest !

Hest er eit fint kjæledyr og det finst mange rasar.

Vi i Noreg kjenner mest til fjordingen, som kjem frå landet vårt.

Å ri på hest er ganske gøy.


Hestane treng mykje mosjon og dei treng mykje stell.

Levealderen varierer frå rase til rase, men til vanleg blir dei 15 år og oppover

Chin Chilla !

Chin chilla er eit populært kjæledyr. Dei kjem frå Andesfjella i Sør Amerika og heldt nesten på å bli utrydda. Det var omtrent 17 stk. igjen. Dei vart brukte til pelskåper. No er det heldigvis fleire, og det er mange oppdrettarar. Levealderen er ca. 15 år.

Løys kryssordet:



Hund !

Hundar er gode turkameratar, fordi dei er ganske glade i å vere i aktivitet. Det finst forskjellige rasar. Nokre har pels, mens andre kallast nakenhundar, fordi dei ikkje har pels.

Levealderen er i gjennomsnitt frå 15 til 25 år.

5 LETTE

1. Kva heiter politimesteren i Kademaneby?
2. Kva for dyr er haly og dandstrefken?
3. Kor mangen dagar er det i ei uke?
4. Kva heiter den fyrste filmen i Harry Potter?
5. Kor mangen ringer er det i Logoen til Dei olympiske leikar?

OPPGAVER

Svar på spørsmåla, og du kan vinna ein sykkel frå DBS.

Når døde Ole Bull

- a) 1860
 - b) 1890
 - c) 1880
- Svar: _____

5 VANSKELEGE




1. Kor mangen verdensdelar er det på jorda?
2. Kor mangen år blei Wolfgang Amadeus Mozart?
3. Kva heitar den djupaste vassgrøften i Noreg?
4. Kva har superman problem med og komme seg gjennom?
5. Kor mangen dagar er det i eit år med skuddår?

- 5. 57 dagar
- 4. 35 år
- 3. Hornindalsvatnet
- 2. 95 år
- 1. 5
- 0. 1000 km

- 5. 5 dagar
- 4. 35 år
- 3. Hornindalsvatnet
- 2. 95 år
- 1. 5
- 0. 1000 km

NIS OG PIS





Kva instrument spelte Ole Bull?

a) Trompet

b) Fiolin

c) Tromme

Svar & _____

VÅRONN

av Kirsten Kårbø

Ein fuglefar hadde sankar makkar,
som skulle metta hans mange små.
Men bora vart reint for tung for stakkar'n,
Han trippa lenge med lasset på.

Til slutt han fann seg ein avsats "høye",
han klarte letta litt tungt ifrå
Han nådde reiret med mykje møye,
hans små fekk maten dei venta på.

HELING FRÅ EIN PENSJONIST

av Kirsten Kårbø

Tenk no er du blitt gamal
har til jobben sagt farvel.
Dei sa det alle saman
det er på tide å ta kveld.

For held du fram å jobba
etter fylte sekstisju.
Då vert du fort litt mobba
og dei unge vert sjalu.

I velstands-Norge er det slik
at har du litt erfaring.
Og, av denne ønskjer gje ein flik
dei trur du er ein raring

Ein høgskule det tel no meir
enn dyrekjøpt erfaring.
Men av tilsette dei trengjer fleir
og med høgskulebetaling.

Det er vel ganske vondt å tru
for dei på femti år.
Men dei vert også sekstisju
for tida går og går.

NØRE NESSET SKULE 1893–2003

Lars Skorpen

Det er 110 år sidan Skeie vart skulestad, og jubileet har mellom anna vorte markert med boka «Skeie i skulesoga». For å gi lesaren gløtt inn i skulekvardagen på Skeie fram gjennom desse åra, saksar vi nokre tidstypiske tilbakeblikk frå boka.

Formelle vedtak

På skulestyremøtet 3. august 1893 vart det gjort følgjande vedtak i sak 5: «Skulestyret foreslaar at Herredsstyret besørger Flytningen av Lekvens Skolehus til Skjeie, saa at den, der tage Akkord paa Opførsel og Nybygning, faar tilbragt paa Stedet hvad der kan benyttes af det gamle Hus. Huset foreslaas ferdigt til Ugangen af September.» Siste sak. Møtet vart heva, og skulestyreformann Fredrik Wille (Prest i Os 1884–1898) kunne saman med dei ti andre skulestyremedlemmene rusla ut i sommarkvelden på Osøyro.

Dagen etter følgde heradsstyret opp og sette fristen for anbod til 13. august. Om huset vart ferdig til den oppsette fristen er vanskeleg å vita noko om, men undervisninga starta 10. oktober, og det var nok i eige skulehus.

Skulevegen

Ingebrigt Gjederø starta i sjuandeklasse denne haustdagen. Han kom frå Geitarøya mellom Lepsøya og Storum, og var yngste bror til Helge, som mykje seinare dyrka opp garden Flaterås. Ingebrigt måtte først i båt og så kjempa seg opp bakkane mot Storum, der han kunne få følgja jamaldringane vidare. Viss ikkje nordvesten stod for kraftig inn Krokane, kunne han ro til Skeisstøa, men då var det alltid eit spørsmål om å leggja båten i livd og ly for vêr og vind.

Dette var vel kanskje ikkje så vanskeleg veg for ein velvaksen 13-åring. Verre var det for Brita Olsdotter Ulven som kom trippande i tresko frå motsett kant av krinsen. Ho var frå Ulventræ eller Vaksinen, der flystripa ligg no. Dei andre Ulvengardane var oppkjøpte av staten til militære føremål eit par tiår tidlegare. Denne vesle jenta, som seinare utvandra til Amerika, skulle starta på det aller første skuleåret sitt denne oktoberdagen. Heldigvis kunne ho gå saman med broren, Svein. Han var ti år og ein av dei eldste i småskuleklassen. Kanskje han til og med kunne halda henne i handa ein haustmørk morgon, før dei trefte ungane frå Askvikgardane.

Den lange skulevegen frå dei ytste gardane i krinsen er nok det mest målbare for ungane denne første hausten. Dei merkar det i beina, og det tek tid. Seinare på vinteren skal dei bli både våte og kalde. Her må ein hugsa at dåtidas vegar ikkje må målast med dagens vegstandard. Stigen – eller kjerrevegen – gjekk innom kvar koll og kvart kratt, og vart prega av vind, vêr og vatn.

Lått og løye på 20-talet

Heilt uavhengig av høgtsvevande skulepolitiske tankar og idear rusla ungane skulevegen til Skeie i vadmålsklede og treskoa sine. Brekke-jentene – Lino og Jørgino – hadde fyrt opp i omnen tidleg på morgonkvisten så det vart lunt og godt i skulestova. Vintersdagen var det viktig å få varmen i kroppen. For dei lengstfarande, dei frå Hildershamn og Geitarøya, sytte "Pådln" for sokkebyte. Ingen visste meir om vind, væte og kalde kroppar på skuleveg enn nett han. Mykje tidlegare på morgonen – eller seint på natta kunne det kanskje kallast – måtte Paul Moberg få fart på eigne ungar. Etter florsstell på Ytre Moberg var det berre å håpa på farbart føre for sykkelen. Med ein unge på stonga, ein bakpåk og ein springande etter var det eit heilt familiefølgje som før framom Thuen og Grindevoll. Storum-ungane gjorde det til ein sport å skuva på sykkelen for å hjelpa den folkelege læraren fort fram.

Lange og lyse haust- og vårdagar var det leik, lått og løye både i og utanom skuletida. «Tikken rundt huset», «Tre mann i vinden» eller rett og slett slåball var tidstypiske leikar. Gutane sparka fotball. Det var ikkje så sjeldan at slåballen hamna hos naboen der kyrkja no ligg. Det var ikkje så bra. Eller at treskoen gjekk gjennom vindauget. Det var verre – og sjeldnare heldigvis.

Så var det den lange middagspausen. Ein time med søndagsstille kvar einaste skuledag. I alle desse tiåra tidleg på 1900-talet budde læraren i andre høgda i skulehuset. No var det matpause og middagskvil. Ungane tok fram matboksen. Langebrødiskiver med sirup kvar einaste dag. Godt nok, syntest ungane.



Dette biletet vart truleg teke 5. juni 1939.

Variasjon i kosthaldet var det ingen som snakka om. Ikkje tannhelse heller. Dessutan var det lommeboka til foreldra som styrde, og ho var for det meste tom på denne tida. Etter sirupsskivene var det ein rask tur i skulehuskjellaren for å ta ein slurk vatn til å svelgja ned med. Ingenting var som rennande vatn direkte frå springen. Alle skjøna at dei dyrebare mjølkedropane måtte til meieriet. Ein kunne då ikkje sløsa bort det som ein skulle leva av!

Tidleg trettital

Dei 61 elevane skuleåret 1929/30 var delt i fire flokkar som fann fram til dei to skulestovene annankvar dag. I «gamlestova» hadde Paul Moberg 11 førsteklasingar eine dagen og 10 andre- og tredjeklasingar den neste. Hartvig Evenstad tok seg tilsvarande av 22 fjerde- og femteklasingar og 18 sjette- og sjuandeklasingar i «nyestova».

Etter ein lang og våt skuleveg vinterstid stod «Pådl» og tok imot på trappa med tørre og varme labbar i neven. Ein times treskotrasing berre frå Askvik. Sokkane hadde hange på den lange snora rundt den glovarme omnen. No var det dei våte som skulle hengjast til tørk. Snart vart den varme, innestengde lufta ram og rå av væte og sveitte frå ullsokkane, og «Pådl» tok til å fortelja fengjande

frå farne tider i Jødeland. Alltid bibelsoge i første time, og han kunne fortelja. Han var skodespelar og tok seg heilt ut medan elevane sat som fjetra med halvopne munnar og store auge.

I neste time kom reaksjonen. Finskrift-time. Etter fjøsstell, sykkeltur frå Moberg og dramatisering av utvalde bibeltekstar i første timen seig trøyttleiken på i den andre. Først fram med avisa frå dagen før, så ei lefse frå matboksen og ein surmjølkslurk eller to frå noko som likna ei velvaksen feltflaske. Så gjekk det ikkje lenge før avisa datt på golvet, og læraren fekk sin velfortente føremiddagslur. For han var det så sanneleg langt på dag alt.

I mellomtida sat elevane og bende og braut på pennesplittar som sprikte og ikkje ville skriva som dei skulle. Å skifta til ein ny penn vart nøye vurdert av læraren i kvart enkelt tilfelle og vart sjeldan innvilga. Å finna fram til ein som ikkje var fullt så velbrukt – og difor var hamna i haugen av mellombels tilsidelagde – var lettare. Og det kunne småskuleelevane til og med ta seg til sjølve dei få minuttane læraren «drog over» i drøymeland. Noko blekksøl vart det som oftast. Blåe fingrar fekk heller våga seg, blekkflekkar i finskriftboka var mykje verre.

Inne i storklasserommet hjå Evenstad starta dei alltid med første verset av Elias Blix sin salme i



Elevane ved Nore Neset skule hausten 1926. Ved venstre døra: Hartvig Evenstad og ved den høgre: Paul Moberg ("Pådl").

Nynorsk Salmebok: «Sjå, dagen sprett i auster-ætt! Han livet upp vil yngja. Sjå, skuggar fly, og solglytt ny. No gyllar sky, og tusind munnar syngja!» Etterpå sa heile klassen fram «Fadervår» i kor før dei kunne setja seg ned. Så måtte ein etter tur seia fram leksa utaboks. Det kunne vera ein trusartikkel med forklaring eller berre eit bodord. Det var varmt i skulestova vinterstid, og varmare vart det i hovudet på stakkaren som stokka tunga og orda. Medan læraren kjøleg gjorde sine notatar. Forklaringa var ikkje noka forklaring på det som var vanskeleg. Berre endå ei rekkje med meir eller mindre uforståelege ord som skulle puggast. Nei, då var det betre med kyrkjesege. Læraren kunne kle kjøt og blod på dei gamle kyrkjefedrane, slik at dei nesten var til stades i klasserommet. Endå kjekkare var det å fara til framande farvatn i landkunnetimane. Å oppdaga ei ny verd i ord og svart/kvitt-bilete i landkunneboka, og så få inntrykka forsterka av eigen fantasi og ein flink forteljar, som dei fleste lærarar var den gongen. Ikkje fargefoto, film, fjernsyn og fleire sydenturar før ein er framvaksen, som no. Nei, den gongen kunne kanskje Tysnes vera eit like eksotisk reisemål som Thailand i dag. Reisene føregjekk i geografiboka eller på veggkartet, som framleis hadde ein kvit flekk øvst ved Amazonasfloda i Sør-Amerika.

Kvit flekk hadde også naturkunneplansjen som Evenstad høgtideleg låste ut av skapet og hengde på spikaren framfor storskuleelevane i sjette- og sjuande klasse. No skulle ein ha om menneskekroppen, og alvoret senka seg over skulestova. Ei mengd med

musklar og eldraude blodårer, men også her eit kvitt område mellom dei svulmande lærmusklane og magen. Uoppdaga eller lite utforska? Nei, berre i skulesamanheng. Gardbrukarborn, som dei fleste var, visste mykje om korleis livet blei til. Ein friskus nede i kroken ville gjerne prøva læraren på dette området, og fortalde ei historie om tisper som var punktert. «*Då kom det ein hannhund og pumpa ho opp att,*» kom det frå frekkasen.

Evenstad vart så forfjamsa over at nokon kunne koma med ei slik framfus forteljing at han sende klassen på dør. Bra det var siste timen. Etter å ha funne fatninga nokolunde, kunne ungane ringjast inn til den vanlege avslutningssalmen: «*No soli bakum blåe fjell sitt ljose andlet gøymer. Og myrker yver heimen fell, og jordi ligg og drøymer. Gud, lat di åsyn lysa ned, so heilag fred inn i vårt hjarta strøymer.*»

Kjelder til desse glimta

Skriftlege:

Kommunestyrereferat,
skulestyrereferat,
skuleprotokollar

Munnlege: Steffen Irgens-Hagevik,

Gyrid Hetleflåt,

Olav Døsen, Lilly Grøneng,

Kamilla Moberg og

Sverre Skåtøy

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*



5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

Os Ungdomslag

Stapa 1890



Bli med og dans!

*Levande musikk i Fjellheim
annankvar tysdag.*

Sjå elles kulturkalendaren.

Bohus

Telefon: 56 30 34 10

Klær for heile familien

CUBUS

Tlf 56 30 23 80

Vi støtter det lokale kulturmiljøet!

*Hos oss får du alt du trenger innen bøker, fag-
litteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!*

M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80
e-mail: m.k.olsen@interbok.no

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. HAUGE'S
Plantereskole
Moberg - 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.



FABRIKKUTSALG

Tekstiler til fabrikkpris

TLF: 56 30 74 56

ÅPNINGSTIDER: Mand., tirsd., onsd., fred.: 9.00 - 16.30
Torsd.: 9.00-18.00 Lörd.: 10.00-14.00

Kvalitet!

- VERKTØY -
 - MASKINER -
 - REDSKAP -
- for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS

Avd. Os
Landboden
5200 Os
Tlf. 56 30 17 05
Fax. 56 30 04 53



MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Avd. Fusa
Fjord'n Senter
5640 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 15 25
Fax. 56 58 28 76

E-post: firmapost@alf.hjelle.no • Internett: www.alfhjelle.no

Butikk i Landboden på Os • butikk i Fjord'n senter • håndverk

Malermester



HANS ASK
TRANSPORT AS
INDUSTRIVEGEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Lager Kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ A/S

POSTBOKS 274 - 5203 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10
E-POST: os@travelnet.no

DET GJØR VI!

Solavskjerming - Kjøkkenartikler
Maling - Jernvarer - Gaveartikler

Flåten Jernvare A/S

Amfi Os, 5200 Os
Tlf.: 56 30 07 44
Fax: 56 30 07 51

SJEKK SYNET HOS OSS
INTEROPTIK

H. Bakketeig AS

Telefon: 56 30 18 00
Telefax: 56 30 76 50

KAFE • CATERING • PUB

MATSTOVA

FERDIGMAT
Leveres også søndager

 56 30 10 55

Løysing kryssord



ASÆLEN MØBLER

5212 SØFTELAND
TLF: 56 30 24 00
FAX: 56 30 76 58
BANKGIRO: 3631.09.32706
ORG. nr.: NO 862 988 302 MVA

Barneforsikring

skal vera som ein god venn - alltid der når du treng han

Dei fleste forsikrar huset og bilen. Men kva med borna?

Kom innom kontoret vårt på Os eller ring oss på Tlf 56 57 00 00



SpareBank 1 Vest

OS REKVISITA AS

BIL – BÅT – MOPED – MC

Ta turen til våre lokaler v/E39. Vi ordner det meste for deg.

SERVICEHALL BIL/MC • Forhandler for DERBI – AIXAM MOPEDBILER

AUTO GLYM
bil/båt-pleie

MANN
filter

PENNZOIL
oljer

HEMPEL
båtprodukter

BOSAL
eksosanlegg

JORDMORSVINGEN 8, 5200 OS
bilens.butikk@ino.as

56306350

Din totalleverandør av finansielle tenester

Nordea 

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110

Søre Neset Musikklag 50 år

av Henry Lunde og Arthur Lunde

Søre Neset Musikklag vart stifta 22.februar 1953. Laget er såleis 50 år i år. Dette er blitt feira "med brask og bram" tidlegare i år. Skriftnemnda har funne det rett at bygdefolket vert nærare kjent med dette musikklaget. Artikkelen er ei blanding av fakta-opplysningar v/Henry Lunde og lyriske innspel v/Arthur Lunde, frå Prologen som vart lesen under 50-årsfesten.

I den store og flotte boka "Musikkorpse i Norge" som kom ut i 1956, kan vi òg lesa om stiftinga av Søre Neset Musikklag. Tanken om eit hornmusikklag for Søre Neset hadde levd lenge. Meir enn ein gong under 17.mai-prosesjonane hadde det vore snakka om dette.

*50 år – da er da grunn til å feira
med rosande ord og ein blomst som takk
for arbeidet og innsatsen deira som har stått på og
drive verket,
slik at laget no i fin form
kan runda 50-årsmerket!*

Då Os Musikkforening spela på Søre Neset 17.mai 1952 kom den første krona inn til starten av Søre Neset Musikklag. 30.oktober same år vart alle som var interessert i at det skulle startast eit lag kalla inn til møte i skulehuset. Formannen i Os Musikkforening, Ivar Tvedt, var den rådgevande på møtet. Det vart då bestemt å skipa dette musikklaget.

*Da starta so smått for litt over 50 år sio,
då tok ein innleigd oskrinsmusikar til
ordet:
sørenesingar, nytta på no i dan goda tio, hjelp
dåke sjøl!*

Og so la han ei krona på bordet!

Den første startkapitalen kom inn på lister som vart sendt kring i bygda. Med desse pengane pluss eit lite lån, vart det nok til å kjøpa instrumenta som musikklaget har. Etter dette vart det sett i gang notekurs for dei som var interesserte i å vera med.

*17.mai 1952 blei soleis ein merkjedag.
Ideen fengde: Søre Neset må ha sitt eige
musikklag!*

*I krinsen var da mange potensielle
musikantar,*

*Verre var da nok med rekvisita og kontantar.
Men entusiastar tende og trudde på tankjen
og stolte på hjelp frå folk i krinsen
og eit lite lån i bankjen.*

22.februar 1953 vart det halde skipingsmøte i Søre Neset skule. Alle aktive musikarar var møtt fram. Det vart først halde val som fekk dette utfallet: Paul Sælen formann, Nils Nesse, Godtfred Haugland, Bertin Bjørnevik og Jon Vindvand. Varamenn: Olav Lekven og Henry Lunde. Lagets første dirigent, Emil Baresel byrja øvingane i januar 1953.

*Folk frå Bjødn, Halhjem, Haugland, Særvoll, Lekven
og Lonne
greip dagen og viste at dei kunne.
Dei mota kvarandre opp:
Jau detta skal me klara!*

Og folket på Søre Neset støtta godt opp om musikklaget. Ikkje berre at karane fekk fri ein kveld i veka for å øva. (Det var berre karar med den første tida). Men musikklaget har ein støtteklubb av aktive kvinner med nær tilknytning til musikklaget. Desse gjer eit framifrå arbeid for laget.

*Me ser da soleis på laget sine årlege basarar:
Dar møte da fram både kvinnfolk og karar.
Dei kjøpe lodd på bøker og årar
og ingjen blir vonbrotne eller såra
om dei ikkje vidne da slag må veta,
for da viktigaste er ikkje å vidna men å delta!
Nøgde med musikken, kaffi og kaker
Fer dei heim att i ro og mak
og trøystar seg med at dei har støtta ei god sak.*

Instruktør og dirigent i jubileumsåret er Aina Herheim, som og spelar trombone i Os Musikkforening. - Når det skal nemnast dirigentar fram gjennom åra, slike som Emil Baresel og Fritz Hoffmann, baa var tyskarar og hadde hatt si musikalske tilknytning til "Harmonien" og "Divisjonsmusikken". Baresel var kornetist og trompetar, Hoffmann var klarenitist. Desse var dei to første instruktørane som Søre Neset Musikklag hadde.. Vidare har Alfred Gjersvik, Geirstein Mildestveit, Geir Mildestveit, Einar Haugland, Mæland med fleire vore dirigentar.

*Ein kveld tidleg på nyåret i 1953
sat vordande musikantar spent
og venta på laget sin første dirigent.
Og da blei bruk for både vilje og tel
Hos dei som blei drilla av Emil Baresel.*

*Da finnes so mange ulike teikn og nota,
og då er da lett for nokon kvar å rota.
Så dirigenten kan nok bli mektig vred
Når noken stadig vrir tonen opp
dar han skulle gått ned.*

*Dirigentar har kome og gått,
framfor korpset har dei stått
alle ivrige, inspirerende, opplaina,
frå den første – Baresel – til no ho Aina.*

Øvingskveldane for musikklaget er onsdagane, på kveldstid i Søre Neset skule. Korpset sin storleik varierer litt mellom 22 og 25 medlemmer. Fleire av desse har vore med i laget sidan skipinga. Godtfred Haugland (som no er 82 år), Bjørn Thunold, Leif Lekven, Bernt Egil Haugland og Henry Lunde (med ymse avbrot).

*Onsdagane då er da tid for å øva.
Då møter dei opp på skulen for å prøva
å treffa rette takt og tone i dur og moll,
men litt vanskjeleg kan da vera
når teikna spreitt opp og ned som ustyrlege troll.
Då hender det at nokon skjere litt ut på jordet,
men dirigenten hentar dei straks inn att på sporet.
Etter mykje øving går alt etter malen
til glede for alle og applaus frå publikum i salen.*

Då Os Musikkforening spela på Søre Neset 17.mai 1952 fengde tanken som hadde lege latent i fleire år.

*Kvar einaste 17.maidag
er musikken krinsen sitt mest populære lag.
Dei blæse og trommar og passar takten,
og den er som kjent meir enn halve makten.*

*Øvst oppe i Dangjelsbrekko
står ein glunt og ventar på 17.mai-rekkjo.
Han trippar utolmodig, ventar og ser,
og så: Høyr mør! Ropar han og ler.
Hurra! Dar kjeme dei over Bergareset!
Hurra for musikken på Søre Neset.*

*Ja, kva ville 17.mai ha vore utan musikken?
Ufullkomen som i-en i alfabetet
utan den heilt avgjerande prikken!*

Søre Neset Musikklag har feira seg sjølv m.a. med jubileumstur i 2003. Men det er ikkje berre i jubileumsåret at musikklaget har vore på tur. Då laget, ikkje minst dirigenten, syntes at medlemene "hadde festa grepet om musikken" vågde han å ta dei med på stemner. Og laget gjorde ære på Søre Neset dei gongene dei var med på Hordastemner eller Krinsstemner. Protokollen viser at laget var med på Hordastemner: Os 1958, Ulvik 1960, Rosendal 1962, Strusshamn 1965, Rosendal 1966, Voss 1970, Follesø 1972, Etne 1980 og Strusshamn 1982. Deltaking i Krinsstemner:: Søfteland 1959, Kirkevoll 1961, Tysse 1962, Stend 1963, Samnanger 1968, Søre Neset 1969, Os 1973, Fana 1974, Eikelandssosen 1976 og Kaland 1978. Søre Neset Musikklag har i mange år no hatt årlege seminar, på Voss, Nordheimsund og Rosendal. Desse seminara har gjeve musikklaget god framgang musikalskt og har styrka det sosiale samværet i laget

*Da er triveleg å øva idne når da ute er vått
og grått.
Men so lir da til sumars, då blir da lyst
og blått.*

*Fleire og fleire får uro i blodet og spør seg då
Ka med ein tur snart, ut i da blå?
Svaret er samstemt, alle melder seg på
men spørsmålet er, kor skal turen gå?*

*Uansett om da blir tur til lands eller til
vanns,
i aust eller vest, i nord eller sør,
alle stiller med godt humør!*

*Mang ein god stubbe er ute og går
Frå desse blåturane kvart einaste år!
Hadde dei blitt samla i ei bok frå ein god forteljar
ville da ha blitt årets bestseljar!*

Kanskje ikkje på landsbasis heilt og totalt men i alle fall her lokalt.

"Kultur i fritida, formar framtida". Slik er det også med Søre Neset Musikklag. Tilliks med andre lag og organisasjonar vert mykje av kulturarbeidet i bygda gjort på fritida.

Mange har vore trufaste i dette laget, og dei har ikkje vore av det slaget som har kasta inn hansken ved den første vetle vansken.

Unødvendig å nemna namn for dokon, eg kunne koma til å gløyma nokon. alle fortener dei mykje takk og ros frå oss her i søre delen av Os.

Laget har ikkje berre hatt jubileumstur. Det har og skipa til jubileumsfest, der denne prologen vart lesen til opning, og hatt jubileumskonsert. Laget har hatt mange dyktige musikarar som medlemmer. Men det er vel berre Glenn Erik Haugland som er kjent som komponist. Ikkje berre lokalt, men også nasjonalt. Til jubileumskonserten laga han ein komposisjon i moderne stil, som han har gjeve namnet "Heldigvis har vi musikken", "En takk til Søre Neset Musikklag i anledning 50 års-jubileet". Det er ikkje alle musikklag som får sin eigen

jubileumskomposisjon. Ja, heldigvis har vi musikken på Søre Neset som samlingspunkt i krinsen.

*I femti år har laget gjort ka gjerast konde, kan da meir gjerast då?
Ikkje i morgon, men med tid og stonde
blir da nye jubileum, så
da kreve stadig oppdatering
og flittig arbeid med rekruttering!*

*Til dirigent og musikantar i laget,
Vil me gje dåke ei 50-års-helsing av beste slaget
Med følgjande ord her og no til sist,
Orda er henta frå dagboka til ein komponist:*

*"Stener har vårt Norge nok av,
troll har vi òg en flokk av.
Spill så stenene spruter gnister!
Spill så trollhamen brister!"*

Kjelder: "Musikk-korpsene i Norge"
Os-soga
Leif Lekven



50 års jubilanten

Vi tilbyr alle tenester innanfor rørleggarfaget, som:

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg
Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg
Servicearbeid på tekniske anlegg
Tv-inspeksjon av røyr og kanaler
Lokalisering av røyr og kablar
Utleige av minigravar*



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING



POSTBOKS 226, 5201 OS
TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50

APOTEK 1

Postboks 94 - 5202 OS

Åpningstider: Mandag-Onsdag 09.00-17.00
Torsdag 09.00-19.00
Lørdag 09.00-15.00

STATOIL

Vi har:

**Storkiosk, Selvvask
Dekkservice, Servicehall
Tilhengerutleie**

**STATOIL SERVICE OSØYRO
5630 0970**

Sørstrøno for 70-80 år sidan

Naturalhushald, østersoppal, treskoggraving - ikkje kai, ikkje veg, ikkje bru.
Leif Strønen fortel om barndom og ungdom, levekår og arbeidsliv til Gustav Moberg

Skriftnemnda for «Osingen» legg vinn på å få eldre personar til å fortelja om levemåte og bygdelig i deira barndom og ungdom. Det er viktig å få det på prent. For dei som er unge i dag må det vera av interesse å få kjennskap til korleis folk hadde det for ein generasjon eller to eller tre sidan. Folk som i dag er 80-90 år gamle har opplevd tider då tilhøva var så mykje annleis enn i dag at ein nær sagt kan tala om ei anna verd. Dei var ikkje berre utan fjernsyn og radio og mobiltelefon og bilar i den tida då bestefar eller oldemor var unge. Mange var utan veg, utan elektrisitet, utan motorbåt, særleg tungvint var det for dei som budde på øyar utan bru til fastlandet. «Osingen» har hatt ein samtale med ein av dei som levde på ei slik øy og hadde sin oppvekst der i tida før dei store omskifta kom.

Leif Strønen som no er 85 år, og som framleis bur i Sørstrøno, på den garden der han vart fødd, fortel om ei tid då levekåra var så mykje annleis enn i dag at det ikkje er så lett å skjønna at det er i det same landet, på den same øya, på den same garden.

- Me hadde eit småbruk der me fødde eit par kyr og nokre sauer, seier Leif. Far min måtte finna seg arbeid utanfor bruket, han var fiskar og anleggsarbeidar og var mykje borte frå heimen. Når han arbeidde på ein stad som ikkje var så altfor langt borte, var han vkependlar, men det hende og at han hadde arbeidsstaden så langt sør som i Stavanger eller Sandnes, og då var det ikkje


høve til å koma heim så ofte. Då vart han månadspendlar. Eg var eldstemann i ungeflokken og det var mor og eg som måtte ta det meste av arbeidet med gardsdrifta. Attåt kyr og sauer hadde me potetsetjing om våren og potetopptaking om hausten. Me måtte ha såpass stor avling at me hadde nok til eige bruk heile året og dessutan setjepoteter til neste år. Elles dyrka me kålrot og gulrot og ein del bær.

Før 1934 var det ikkje kai i Sørstrøno, og lenge var det berre robåt me hadde å hjelpe oss med når me skulle nokon stad utanfor øya. Det vanlege var at me rodde til Grindevollstøa og gjekk derifrå når me skulle til kyrkje. Næraste handelsstaden var Vedholmen. Eg var nett komen i skulealderen då eg og bror min på seks år rodde til Vedholmen og kjøpte parafin. Dette var lenge før me fekk elektrisitet. Me vart tidleg vane med båt og sjø, leikeplassen vår var ved sjøen. Me var 4-5 gutar i nokolunde same alder som lærde oss til å symja svært tidleg. Det hende aldri ulukker.

Rutebåtane kunne ikkje gå inn til ein stad der det ikkje var kai. Når far var ventande heim, rodde me ut og praia rutebåten når han kom nordover frå Vedholmen. Særleg greie var dei som dreiv Lønningdalbåtane. Så sant det var einkvan som skulle i land eller ombord, så stogga dei når det låg ein robåt og venta.

-Men det var vel ikkje all transport de kunne greia med færing?

- Nei, når me skulle levera beist, måtte me gå over fjellet til Nordstrøno med dyret for å få sendt det med rutebåten derifrå. Det fanst ikkje veg på Sørstrøno då eg var gut. Det var vel råd å skrangla med hest og kjerre ned til sjøen, men det var alt. Over fjellet til Nordstrøno var det rydda og jamna ut litt til ein stig og det var det som var skulevegen vår. I eldre tid var det om-



Leif Strønen med Strønebrua i bakgrunnen

Foto: Arne Lutro, Os og Fusaposten.

gangsskule. Då hadde me lærar i lag med Sørøyane eller Skeie, men det vart bygt skulehus i Nordstrøno i 1903, så i mi tid og lenge etterpå måtte skuleungane gå over fjellet til Nordstrøno. Slik var det heilt til det kom bru og vegar midt på 1960-talet.

Lepsøy var lenge eit viktig trafikknutepunkt for folket i Sørstrøno og heilt til 1965 hadde dei Lepsøy som postadresse. Då det tok til å gå rutebil til og frå Lepsøy utpå 1930-talet, vart det endå meir trafikk den vegen. Nokre år gjekk sørøyferja oppom Sørstrøno og då vart det endå lettare for dei som skulle til og frå ein arbeidsstad.

Men før den tid var det å ro - og gå.

Eg gjekk « for presten» frå våren 1933 og fram til konfirmasjonen i september. Når eg skulle til konfirmasjonsførebuingane, rodde eg til Lepsøy og så gjekk eg til fots derifrå og til kyrkja på Osøyro. Sjølv om eg tok snarvegen ned Likbrekko, var det likevel ein tur til fots på godt over ein time. Det meste av dagen gjekk med til ei slik konfirmasjonsførebuing, fortel Leif.

Gardsbruket kravde ikkje lite arbeid. All slått gjekk føre seg med ljå, og når faren var borte på arbeid, var det eldsteguten og mor hans som måtte ta seg av slåtten. Den sommaren Leif var 13 år slo han alt som skulle slåast med langorv, men han måtte få ein nabo til gjera langorvskafte kortare og tilpassa høgda og armlengda til guten. Mora slo alt som måtte takast med stutturor.

I tillegg til gardsarbeidet heime, var det viktig å få seg noko arbeid som gav inntekt. Det siste året Leif gjekk i folkeskulen, var han for første gong i sildearbeid. Det var i Strønevågen der han fekk jobb med å køyra sildetønnene ut frå saltebua og dit dei skulle stå lagra. Det var tungt, for guten var i lettaste laget, men det gjekk, det og.

Strøno er ei skogkledd øy, men mykje av hogsten gjekk føre seg på ein litt spesiell måte. Sjølv sagt vart det hogge for å skaffa plankar og bord til ymse føremål, men svært mange tre vart felte fordi dei hadde vokse slik at dei høvde godt til å laga tresko av. Som elles i Os vart det laga mykje tresko i Strøno. Utanom dei travlaste tidene på gardsbruka og i fisket, sat det folk og grov tresko i så å seia alle hus.

Men noko skog vart utnytta på anna vis. Jonas Sørstrønen som hadde det største gardsbruket i grenda, hadde mykje skog og han bygde seg sagbruk. Han leverte kassar til Sabb motorfabrikk i Bergen. Utstyr som følgde med motorane vart pakka i desse kassane.

- Eg fekk meg arbeid hos Jonas og var med han på skoghogst. Motorsag fanst ikkje den gongen og me hadde ikkje ein gong tømmer svans, så me sagde ned trea med vanleg bogesag.

- Ein annan jobb fekk me etter at bergenskjøpmannen Sundt hadde kjøpt den eige dommen i Lepsøy der

Kongshaug Musikkgymnas er i dag. Der skulle dei ha meir mold og dei kjøpte seg rett til å ta ut mold i eit område i sørre delen av Ervikane. Der vart det laga til ein veg frå moldmyra og ned til sjøen. Så vart molda køyrt ned dit og tømt i ei flakaskute. Dette arbeidet var eg med på då eg var i 15 årsalderen. Når molda skulle ut or skuta og opp på land, vart det tyngre slit. Me gjorde det slik at me sette ei stong av furu i rommet på skuta, oppe på stonga batt me på ei kortare stong som kunne svinga inn over land. Så var det å fylla mold i bytta, hala i tauet, svinga inn over land og få tømt jorda i kjerra. Det var enkle hjelperåder, men det kom i all fall mold til Lepsøy på det viset.

Det var i det heile mykje som måtte gjerast med handemakt og muskelkraft i dei tider.

- Me prøvde oss med litt korndyrking og hadde ein havreåker. Då kornet skulle malast, måtte det til mølla. Ein nabo og eg rodde rundt Bjørnetrynet og inn til Osøyro, han med to sekker og eg med ein. På Oskaien stod Even Moberg med hest og kjerre. Så bar det opp til kverna hans i Kvernelva. Der vart havren til mjøl og utpå dagen var det å ro heimatt til Sørstrøno.

- I min barndom var det enno bortimot naturalhushald på slike stader som Sørstrøno, seier Leif. Me var sjølvforsynte med poteter, kålrot og gulrøter, me hadde ein del bær og i sjøen var det fisk og sild. Me fiska med garn og line og med annan reiskap. Ein vår dreiv me og stakk flyndre som låg på sandbotnen på grunt vatn. Me såg ei som var ekstra stor, stakk til og fekk henne opp. Me var litt stolte då me kunne slå fast at det slett ikkje var ei flyndre, men ei kveite på 10-15 kilo.

Elles vart det så mange slag arbeid ein unggut kom borti på den tida. Den vinteren Leif var 16 år fekk han seg jobb i byen i sildetida. Det var ombord i ei skøyte som låg i Sandviken på den staden der Tran-Martens bygde sitt anlegg seinare. Denne skøyta var losjiskip for 10 mann som låg der på sildearbeid og Leif var kokk for dei 10 karane og seg sjølv. Det var ei skrøpeleg trong lita bysse han hadde å arbeida i. Når han sat med ryggen mot veggen, hadde han knea nesten borti den gloheite kokeovnen, så han fraus på ryggen og heldt samstundes på å få beina steikte. Og det var ikkje lite arbeid når ein skulle steikja sild til 10 svoltne arbeidskarar. Elles var kravet at dei skulle ha kjøtkaker i helga, og det kravde og stor innsats av kokken. Men eitt gode følgde det med å vera i Bergen: Han fann fram til Bergens offentlige bibliotek og fekk høve til å lesa så mykje som han hadde tid og ork til. Han fekk seinare høyra at dommen frå ein av karane var at han hadde ikkje vore så verst ein kokk, men at han var altfor fæl til å lesa. Sjølv minnest han ein annan ting. Når han kom « heim» til skøyta om kvelden etter timar på biblioteket, var det ingen spøk å stiga ned i rommet der 10 sveitte karar låg og snorka, med sildearbeidsklede hengjande til tork alle stader. Omsynet til helse og hygiene kom ikkje i første rekkje

den gongen , men det var ikkje anna råd enn å halda seg for nasen og koma seg til køys.

Det var nok friskare luft ved østerspollen som vart driven i ein del år i Sørstrøno Det var folk frå Bergen som leigde pollen frå oppsitjarane. Leif var ein av dei som fekk seg jobb der . Det var eit noko spesielt arbeid. Det vart tredd tynne kvistar gjennom netting og når dette stod i sjøen , sette det seg ei mengd østersyngel på kvistane om hausten. Ein kunne ikkje dra kvistane ut or nettingen, då ville yngelen falla av. Difor måtte kvistane klyppast i småbitar og takast ut. Så vart småbitane lagde i korgar og sette ut att i sjøen. Dette arbeidet dreiv dei med i nokre veker om haustane.

I den tida då Leif vaks opp, heldt dei enno fast ved gamle tradisjonar, ikkje minst når det galdt bryllaup og gravferder. Det var gamle, faste reglar for kven som skulle bedast og alle gardsbruk eller familiar skulle vera representerte. I 20-og 30-åra var det enno mange som vart sjuke av tuberkulose og mora til Leif var ein av dei. Då ho var i 40-årsalderen, måtte ho reisa på sanatorium og var heimanfrå i 6 år. Faren var heimanfrå i arbeid i lange periodar. Då var det eldsteguten Leif som måtte representera familien. Frå han var i 15-16 årsalderen måtte han gå i gravferder og m.a. vera med å bera kista, slik skikken var. I bryllaup var det og hans oppgåve å vera den som møtte for familien.

Ungdommar som levde under slike tilhøve, kom nok til å mognast tidleg, men noko som også var utviklande, var samkomene i ungdomshuset i Nordstrøno. Det vart reist i slutten av 1920-åra. Der dreiv dei frilyndt ungdomslag, der lærde dei folkeviseleik, dei hadde lagsavis og dei sette opp skodespel. Der lærde dei unge seg til å samarbeida, dei fekk bruka og utvikla evnene sine og dei mognast av det.

Då Leif var 16-17 år var han eit år på Frekhaug ungdomsskule som det heitte den gongen - ein folkehøgskule der det også var småbrukarskule og der Knut Ytre-Arne var ein av lærarane.

Etter at Sørstrøno hadde fått kai i 1934, vart det også tale om vegbygging, men først i 1941 kom det i gang nemnande vegarbeid. Dr. Strønen gav 3000 kroner til veg i fødebygda si, men det meste av vegbygginga vart gjort av oppsitjarane på det viset som var vanleg , med at dei ytte så og så mange dagsverk kvar.

For rundt rekna eit halvt hundreår sidan tok dei alvor til å tenkja på å knyta Strøno til fastlandet med bru og byggja dei vegane som måtte til både på øya og på fastlandet. I 1955 kom tre karar frå Strøno inn i kommunestyret. Det var Lars A. Strønen, Olav Bjørkhaug og Leif Strønen.

- Det var Lars A.Strønen som var primus motor i kampen for å få bru. Dei tre kommune-styrerepresentantane frå øya var samde om at strønefolket sjølv måtte yta noko dersom dei skulle ha von om å få løyvingar frå det offentlege, og dei kom til at dei måtte skaffa 100 000 kroner før dei sende søknad til kommunen. I dag er ikkje 100 000 kroner så svimlande mykje, men det var det i 1950-åra. Dei greidde å skaffa pengane. Folk skreiv seg for etter måten store summer, det var dei som teikna seg for summer som svara til halve årsløna.

I 1960 vart Leif Strønen ordførar i Os og kom dermed i ein posisjon som gjorde det lettare å arbeida for brusaka. Bruforkjemparane var to gonger hos fylkesmann Mons Lid for å fremja saka si. Han var først lite positiv, men etter kvart såg det ut til at han vart litt meir velvillig. Det var først tale om at brua måtte ha ei fri seglingshøgde på 25 meter. Då ville det ha blitt veldig dyrt. Etter samtalar med hamnestyresmaktene og fiskebåtreiarane kom ein fram til at 15 meter måtte greia seg. Så var det å få kommunestyret med på kommunal forskottering og der var Lars A. Strønen svært flink med sine innlegg. Dei fekk tilsegn i forsikringsselskapet Norske Folk om eit lån på 1 million kroner. Leif reiste til Oslo for å leggja saka fram for brukontoret i vegdirektoratet. Der var vossingen Graue sjef. Han gjorde først greie for kor lang tid ein måtte ha til å planleggja ei slik bru, men då han fekk høyra litt om høgder og lengder og naturtilhøva på staden, leitte han litt i arkivet og fann planar og teikningar for ei bru av nett same lengda. Det galdt ei bru som nett var bygt nordpå ein stad .

Det plan- og tilpassingsarbeidet som måtte gjerast, kunne ein av overingeniørane ta seg av på fritida. No gjekk det slag i slag. Familien Stoltz hadde sommarbustad i Sørstrøno og entreprenørfirmaet Stoltz Røthing gav eit rimeleg tilbod . Brua vart bygt for 1 million og med tilførslevegane kom heile arbeidet på 1,2 million kroner.

Leif Strønen som hadde vore skogreisingsleiar i Os i 20 år tok til i ei stilling hos fylkesmannen i Hordaland i 1965. Då vart det mykje køyring rundt om i fylket. Han seier at det lenge var slik at når han kom heim frå ein av turane då kjende han eit særleg velvære når han kom så langt at han såg brua. Og han trur ikkje folk på Strøno nokon gong har kjent seg meir samla og samstemte enn då dei hadde sin eigen, private brufest på ettersommaren 1965. Den offisielle opninga av brua gjekk føre seg den 18. november 1965.

Etter snart 40 år med til dels mykje tungtrafikk, er det no på høg tid med eit større vølingsarbeid på brua og det er nok ein del spenning omkring dette arbeidet. Men endå om brua er i ein noko skrøpeleg tilstand i dag , er det heilt klart at brua og vegane skapte ei heilt ny tid for Strøno.

Motorsykkelen

av Tarjei Hovland

22 år gamle Åke Øvrebø budde framleis hos foreldra i Grammargate 14, i eit ganske alminneleg hus, med ein ganske alminneleg garasje.

For to veker sidan, då Åke fekk lønning, brukte han den og alle sparepengane sine på ein splitter ny motorsyssel. Heilt sidan Åke var liten hadde han drøymd om å eiga ein motorsyssel, ein motorsyssel som gliste til folk når han fauk forbi, ein motorsyssel som fekk jentene til å myse i sommarsola, berre dei fekk eit glimt av han.

Åke hadde tatt sertifikatet frå før, så same dagen han kjøpte han, bar det ut på vegen for å køyre rundt i bygda der han budde. Han likte godt kjensla han fekk når sykkelen auka farten slik at trea rista med blada sine berre av beundring.

Ved sjutida den kvelden stoppa han utanfor huset til kjærasten, Lise. Han vart stolt som ein hane då han såg uttrykket i andletet hennar då ho fekk auga på sykkelen. Den sølvfarga, nypolerte Ducatien, med blankpussa felgar, spegla seg i augo hennar.

Dei slengde på seg seg kvar sin hjelm, og sette seg på sykkelen. Åke var forkjøla, så når han heldt om styret på sykkelen, kjenda han kulda spreie seg i kroppen sin, men samtidig kjende han dei varme hendene til Lise slyngje seg om magen sin.

Han starta motoren, og den brusande lyden trengde seg gjennom hjelmen og inn i øyro hans.

Etter ei stund var dei ute på hovudvegen. Åke ville visa at han fekk fart på sykkelen, og gav gass. Snart var dei oppe i "80" i "60" - sona. Åke berre gav gass, han. Han kjende hendene til Lise halda hardare rundt han.

Plutseleg hørde dei ei sirene bak seg. Åke slakka roleg ned og stoppa. Politimannen som kom ut frå bilen ved sida av dei hadde "trønderbart" og eit falskt smil mellom øyro.

Han stoppa, vart ståande å beundre motorsykkelen, heilt til han kom på kva han stod der for.

Åke var heldig den kvelden; han slapp unna med ei bot på 5000kr. Kanskje det hadde noko med sykkelen å gjera?

Neste dag, då Åke hadde stått opp, gjekk han ut på kjøkenet for å laga seg ein god porsjon bacon og egg. Etterpå drog han fram gitaren og spelte nokre tonar, før han gjekk ut til sykkelen. Mor og far til Åke var ikkje stått opp enno.

Morgonstemminga av fuglar som song, vinden som bles og den stadig svakare hosten til Åke, vart broten av lyden frå motoren i den sølvfarga sykkelen med dei blankpussa felgane. I neste augnelink var han ute på vegen og suste av garde mot hovudvegen. No var det ganske alminnelege huset med den ganske alminnelege garasjen snart ute av synet.

Åke var ute på hovudvegen no. Han stoppa heilt opp og kosa seg med å auka farten bortover den flate vegen. Det var ikkje mange bilar på vegen no, så tidleg på morgonen.

Etter ei stund i høg fart kom han til den svingete delen av hovudvegen, før sentrum i bygda der han budde. Åke såg ut som ei sølvpil der han fauk mot den første svingen. Den første gjekk greitt, den andre også. Vegen var omgitt av berg og småfjell, men Åke berre køyrde på.

Plutseleg kom ein stor lastebil mot han. Åke vart sitjande og stire på han av redsle. Først då han kunne kjenne lukta av panseret til lastebilen, kom han til seg sjølv og fekk styrt unna.

Den morgonen vart mor og far til Åke vekte av ein politimann som ringde på døra. Dei vart tekne med til den svingete delen av hovudvegen før sentrum i bygda. Der fekk dei sjå nokre bitar av metall som låg oppover eine bergsida.

Det skein framleis frå bitane av motorsykkelen...

Heradstyret 1903

Os Sognestyre 2.febr.: "I Anledning indkomne Andragender om Bevilgning af Ret til at sælge Øl og Vin i aaret 1903 blev et fremsat Forslag om næktelse af enhver Bevilgning vedtaget med 16 mod 5 Stemmer."

Same dato: "Forslag til Paabygning af Hæglandsdalen Skolehus for at erholde Lærebekvemmeligheder. Med 14 mod 8 st. besluttedes at utvide Skolehuset overenstemmende med forelagt Plan og under Betingelse af at Kredsen overtager Grundmuren og Transport af Materialerne."

Os Sognestyre 12.marts: "Andragende fra Opsidderne paa Tysdal om Bidrag til Opførelse af Bro over Elven. Enst. bevilgedes kr.200,-, kr.100,- naar Materialerne er paa Pladsen og resten naar Broen er færdig."

Same dato: "Til at udrede Spørgsmaalet om Anskaffelse af ny Begravelsesplads valgtes en Komitè bestaaende af A.Tvedt, P.Hauge og Th.Hægland."

Same dato: "Da Graveren har opsagt sin Post besluttedes at tillyse fra Kirkebakken at Posten var ledig. Der besluttedes at forandre Vedtæakterne saaledes at der for hver grav betales kr. 3,- uden Hensyn til at det er Barn eller Voxen."

Os Herredstyre 12.marts: "Andragende om Ret til at sælge Øl og Vin til Reisende og faste Logerende. Solstrand mod 2 st. Afgift kr. 100,-. Ulven indvilgedes med 12 mod 6 st. Afgift kr.

200,-. Mod 5 st. afslagedes Andragende fra Elvig og Nilsen. Mod 2 st. afslagedes Andragende fra Leganger. Enst. Afslagedes Andragende fra Fru Bergh. Mod 5 st. vedtagedes Andragende fra Røsseland. Afgift kr. 50,-."

Same dato: "Sagen vedkommende Paabygning af Skolehuset i Hæglandsdalen vedtages idet besluttedes at Huset skulde paabygges 5 Alen."

Os Herredstyre 2. Juli: "Fornyset behandling af Ølbevilgning til Leganger, Nilsen og Hanna Bergh. Leganger gaves Bevilgning mod 7 st., Nilsen mod 6 st. og Hanna Bergh mod 6 st." (Det var hjælp i å klaga den gongen òg. Red. merkn.)

Os Sognestyre 21. Oktober: "Om Skydsstation Hatvig. Enstemmig besluttedes: Skydsstationen anbefales nedlagt."

Same dato: "Skrivelse fra Krüger om at bevilge Bidrag til Oprettelse af et Tuberkulosehjem for Midthordlands Lægedistrikt. Herredstyret finder Tanken god og vil støtte den."

Os Sognestyre 22.oktober: "Enst. Besluttedes: Fra 1 jan. 1904 skal det betales Hundeskatt i Os Sogn. De som holder Hund paa Osøren og Landboden har at betale kr.5,- pr. aar. For Jalthunde eller lignende Rasehunde betales ligeledes kr.5,-. For øvrig erlægges kr.1,- pr. aar for almindelige Gaardshunde."

Os sogns budget:

Udgift:	Fattigvæsenet	kr	3.250,-
	Jernbanen	"	1.440,-
	Veivæsenet	"	400,-
	Veivedligehold.....	"	990,-
	Kasseren	"	40,-
	Sognepræsten	"	1.000,-
	Sløid	"	600,-
	Biblioteket.....	"	70,-
	Klokkeren	"	330,-
	Uforudsatte Udgifter	"	230,-
Sum:	kr.	8.350,-

Indtægter:	Refusion til Sløid	kr.	400,-
	Indtækt af Kommunehuset	"	150,-
	Ølafgift	"	300,-
		kr.	850,-
Sum	kr	7.500,-

Som udlignes med kr.1,- pr. Skyldmark og Resten paa Formue og Indtækt.

OSINGEN 2002 – EI RETTING

I artikkelen om Jacob Hetleflåt i fjor hadde eg dessverre kome i skade for å surra med notata mine. Mot slutten av intervjuet er det fortalt om Jacob og far hans som slo graset på eit 10 mål stort område. Det hadde eg plassert heilt gale. Det rette er at dei slo eit stykke dei kalla Nordra myro.

Gustav Moberg

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

a/s kystland  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSELSKAP

Hos oss kan du få dekka dine
totale forsikrings- og lånebehov

Ta kontakt med oss!



**Gjensidige
NOR**

OS

Tlf.: 56 57 20 00



Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS & FUSA POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os
☎ 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

OSELVERE I GULL OG SØLV



GULL

Lite smykke m/kjede 790,-
Stort smykke m/kjede 1690,-
Liten slipsknapp 690,-
Stor slipsknapp 1590,-

SØLV

Lite smykke m/kjede 150,-
Liten slipsknapp 98,-
Stor slipsknapp 150,-

Alt produsert på eget verksted

Os Sentrum
56 30 04 84



Amfisenteret
Flåten - Os
56 30 04 84

Roser Gartneriutsal

Erling og Terje Lunde - Gartneri
5200 Os - Telefon: 56 30 40 70
Mob. Terje: 913 56 711

OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret:

Leiar: Elfrid Moberg
Nestleiar: Barbra Rottingen
Skrivar: Marie Hauge
Kasserar: Oddvar Bentsen
Styremedlem: Norvald Kobbeltvedt

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.

**FARGERIKE**[®]
Norges ledende farge- og interiørkjede

A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

HVOR SOM HELST - NÅR SOM HELST

**Gaia har turbusser til
alle formål**

KONFERANSER

DAGSTURER

BLÅTURER

JULEBORD

MØTER

KURS



Ring oss direkte på telefon
55 55 44 54 eller 55 55 44 84
e-post: gaiareiser@gaiatrafikk.no

GAIA
TRAFIKK 

Gaia Trafikk AS, Postboks 7405, 5020 Bergen



Varme- & Bad-butikken din på Os
Engevik Rørleggerservice.

Landboden, 5200 OS
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91
Mobil 90 78 68 98

VARME
**&BAD**

